

Saknummer: 09/1111
Løpenummer: 5979/09
Arkivkode: 033 &17
Saksbehandlar: Harald Haugejorden

MØTEBOK Gulen kommune

<u>Saknummer</u>	<u>Utval</u>	<u>Møtedato</u>
64/09	Kommunestyret	15.12.2009

SKRIV OG MELDINGAR

Kommunestyret har endeleg avgjerdsmynde i saka.

Særutskrift sendt til:

-

Oversyn over framlagde skriv og meldingar:

1. Samhandlingsreforma i Sogn og Fjordane – projektskildding, datert 18.11.09
2. Samhandlingsreforma i Nordhordland – oversyn og faktura datert 11.11.09
3. Tilbod om medlemskap i Landssamanslutninga av norske vindkraftkommunar – skriv frå LVK, datert 16.11.09
4. Eigedomsskatt – forholdet sakkunnig takstnemnd-kontrollutval – notat frå leiar Hall Midthun i prosjektgruppa E-skatt, datert 07.12.09
5. Orientering om endringar i odelslova, konsesjonslova, jordlova – skriv frå LMD, datert 25.06.09

Behandling og vedtak i Kommunestyret, 15.12.2009:

Merknader:

Ingen.

Saknummer: 09/1047
Løpenummer: 5980/09
Arkivkode: 044
Saksbehandlar: Kari Brekken

MØTEBOK Gulen kommune

<u>Saknummer</u>	<u>Utval</u>	<u>Møtedato</u>
61/09	Formannskapet	26.11.2009
65/09	Kommunestyret	15.12.2009

REGLEMENT FOR DELEGERING - REVISJON

Kommunestyret har endeleg avgjerdsmynde i saka.

Særutskrift sendt til:

- Einingsleiarane
- Sakshandsamarar

Administrasjonen si saksutgreiing og framlegg til vedtak

Sakstilfang:

Utsende vedlegg:

- Framlegg til oppdatert reglement

Ikkje utsende vedlegg:

- Div. lover og sentrale forskrifter
- Div K-saker og utvalssaker

Saksutgreiing:

Gjeldande reglement vart sist politisk handsama i K-sak 63/08. I kap. 3 i reglementet heiter det mellom anna:

Formannskapet får oppdatert reglement lagt fram som skriv og melding 1 gang pr. år. Dei avgjer om revisjon av reglementet skal leggast fram som sak i kommunestyret.

Sidan det også denne gangen er ein del større endringar, legg administrasjonen fram sak for formannskapet. Dei avgjer om saka skal vidare til kommunestyret.

Saka inneheld oppdateringar som følgje av ny plan-del i Plan- og bygningslova og endringar i odels-, konsesjons- og jordlova som vart gjort gjeldande frå 01. juli 2009. I tillegg er det forslag om nye delegeringar etter ureiningslova og friluftsløva.

Det er også forslag om at rådmannen får delegert mynde til å gjere enkeltvedtak i fleire typer saker innafor helse- og omsorgsområdet.

Vidare er reglementet oppdatert med vedtak som er gjort i enkeltsaker gjennom året.

Nye/endra lover

1. Plan- og bygningslova. Endringar i plandelen er gjort gjeldande frå 01. juli 2009, bygningsdelen vil komme seinare, truleg frå 01. juli 2010.

Kommunestyret har ansvaret for den kommunale planlegginga etter ny planlov, og bør gjere vedtak om kommuneplanen med føresegner og underliggjande dokument, planprogram, planstrategi, kommunedelplanar og reguleringsplanar.

Formannskapet bør få delegert ansvar for desse oppgåvene:

- Sende framlegg til kommunal planstrategi ut på høyring for å sikre medverknad og offentleg debatt, og for å innhente synspunkt frå offentlege samarbeidspartar, i tråd med § 10-1
- Gjere vedtak om igangsetting av planarbeid og sende framlegg til planprogram for kommuneplanen og kommunedelplanar ut på høyring, i tråd med § 11-13
- Gjere vedtak om mindre endringar i kommuneplanen sin arealdel, i tråd med § 11-17

Hovudutval for plan og utvikling bør få delegert ansvaret for desse oppgåvene:

- Sende framlegg til planprogram for reguleringsplanar med vesentlege verknader, ut på høyring i tråd med § 12-9
- Handsame framlegg til reguleringsplan, medrekna områdeplan, i tråd med § 12-10
- Handsame private framlegg til reguleringsplanar i tråd med § 12-11
- Godkjenne mindre reguleringsplanar etter § 12-12 andre ledd
- Godkjenne mindre endringar eller utfyllingar i reguleringsplan etter § 12-14, utover mynde som er delegert til administrasjonssjefen
- Gjere vedtak om mellombels forbod om tiltak etter § 13-1
- Forlenge fristen for utarbeiding av plan når det er lagt ned mellombels forbod mot tiltak, etter § 13-3
- Handsame klage på enkeltvedtak etter plan- og bygningslova (pbl) / lov om planlegging og byggesaksbehandling, når departementet er klageinstans etter pbl §15 / ny planlov § 1-9
- Gjere vedtak om dispensasjon etter § 19-2

Alle andre oppgaver lagt til planadministrasjonen eller til kommunen bør delegerast til rådmannen. I tillegg bør rådmannen få delegert mynde til å gjere avgrensa endringar, som for eksempel å gjere vedtak om små reguleringsendringar etter § 12-14

Kommunestyret bør delegere mynde til å sikre barn og unge sine interesser i planlegginga i tråd med § 5-1 andre ledd, til den representanten som til ei kvar tid er utnemnd av kommunestyret.

2. Odels-, konsesjons- og jordlova. Lovene er omarbeidd og rydda, gjeldande frå 01. juli 2009. Kommunen sitt mynde er klargjort gjennom rundskriv. Rundskriv M-6/2003 gjer greie for ansvarsfordeling mellom kommune, fylkeskommune og staten. Rundskriv M-3/2009 gir utfyllande retningslinjer for handsaming av saker om driveplikt.

I denne saka er mynde som tidlegare er delegert, knytt mot rett paragraf i den nye lovteksten, og i tråd med føringane i rundskriva. I tillegg er kommunen sine oppgaver i samband med å sjå til at driveplikta vert oppfylt, føreslått delegert til HPU/rådmannen.

3. Ureiningslova. Ved førre revisjon vart mynde delegert til rådmannen i nokre saker. Det vert no føreslege nye delegeringar til rådmannen.

Kommunen sine plikter og mynde etter forureiningslova direkte, eller etter mynde delegert frå departementet, gjeld tilsyn og kontroll av at lov og sentrale forskrifter vert etterlevd, og mynde til å gjere vedtak om diverse tiltak/straff dersom dette ikkje vert gjort. Kommunen har også høve til å utarbeide eigne forskrifter innafør fleire felt.

Vidare er kommunen ansvarleg for at det finst avfalls- og avløpsanlegg, eventuelt drive slike sjølv. Kommunen skal fastsetje gebyr etter sjølvkostprinsippet.

Kommunen er også høyringsinstans når saker etter ureiningslova skal avgjerast av SFT, Sjøfartsdirektoratet, Fylkesmannen eller Miljøverndepartementet.

Oppgåver knytt til tømning/innsamling av avfall og avløpslam hjå hushaldningane, er tidlegare delegert til NGIR gjennom lokal forskrift.

I tråd med prinsippa for delegering, må kommunestyret sjølv vedta eventuelle kommunale forskrifter og fastsetje prinsipp for gebyr.

I tidlegare saker er det avgjort at Formannskapet gir høyringsfråsegner på vegne av kommunen.

Resten av dei kommunale oppgåvene er i stor grad administrative oppgåver, eller enkeltvedtak. Mynde bør derfor delegerast til rådmannen. Klager vert handsama i HPU før klageinstansen tek endeleg avgjer. Der kommunen har fått oppgåver delegert frå Miljøverndepartementet, er Fylkesmannen klageinstans. I saker der kommunen har fått mynde direkte i lova, er kommunal klagenemnd klageinstans.

4. Friluftsløva. Ved førre revisjon vart mynde delegert til rådmannen i nokre saker. Det vert no føreslege nye delegeringar til rådmannen. I første rekke gjeld dette saker der kommunen sitt vedtak skal stadfestast av fylkesmannen:
 - Forbod mot ferdsel i utmark § 2
 - Regulering av ferdsel på visse friluftsområde § 15
 - Sperring av særleg utsett område § 16
 - Uttale om tvilsspørsmål § 20

I tillegg vert det føreslått å delegere mynde til rådmannen etter § 40: Stansing/fjerning av ulovleg byggverk mm.

Forslag om nye delegeringar til rådmannen i andre lover:

1. Sosialtenestelova.
 - Tildeling av tenester etter Sosialtenestelova kap.4, § 4-2 bokstav a-d.
 - Tildeling av Startlån og tilskot frå Husbanken, etter Husbanken sine retningslinjer.

I desse sakene skal det gjerast enkeltvedtak etter fagleg skjønn, basert på personlege opplysningar. Mynde til å gjere vedtak er i dag lagt til HOM, men det er svært sjeldan at administrasjonen sine framlegg vert endra.

Det vert føreslått å delegere mynde til rådmannen, slik det tidlegare er gjort for dei fleste saker som vedkjem enkeltpersonar etter anna lovverk. HOM vert underinstans i klagesaker, før klagen går til klageinstansen, som er Fylkesmannen eller kommunen si klagenemnd.

Tidlegare vedtak om delegering som vert innarbeidd no:

1. Akvakulturlova. Vedtak om utviding/ending etc på eksisterande lokalitet i tråd med overordna arealplan er delegert til rådmann, K-sak 34/09
2. Sosialtenestelova kap. 4, § 4-2 bokstav e). Tildeling av omsorgsløn er delegert til rådmannen, HOM-sak 13/09
3. Vallova § 8-3, pkt 6. Godkjenning av søknader om å få avgi førehandsstemme heime eller der ein oppheld seg, er delegert til rådmannen. Valstyresak 10/09.

Framlegg til vedtak:

Tidlegare vedtak om delegering vert å innarbeide i reglementet.

Følgjande nye delegeringar vert godkjent:

1. Delegering etter plandelen i Plan- og bygningslova.

Formannskapet får delegert mynde etter desse paragrafane:

- § 10-1: Sende framlegg til kommunal planstrategi ut på høyring.
- § 11-13: Gjere vedtak om igangsetting av planarbeid og sende framlegg til planprogram for kommuneplanen og kommunedelplanar ut på høyring.
- § 11-17: Gjere vedtak om mindre endringar i kommuneplanen sin arealdel.

Hovudutval for plan og utvikling får delegert mynde etter desse paragrafane

- § 12-9: Sende framlegg til planprogram for reguleringsplanar ut på høyring
- § 12-10: Handsame framlegg til reguleringsplan, medrekna områdeplan.
- § 12-11: Handsame private framlegg til reguleringsplanar
- § 12-12 andre ledd: Godkjenne mindre reguleringsplanar
- § 12-14: Godkjenne mindre endringar eller utfyllingar i reguleringsplan, utover mynde som er delegert til administrasjonssjefen
- § 13-1: Gjere vedtak om mellombels forbod om tiltak
- § 13-3: Forlengje fristen for utarbeiding av plan når det er lagt ned mellombels forbod mot tiltak
- § 19-2: Gjere vedtak om dispensasjon

Rådmannen får delegert mynde etter alle andre paragrafar der kommunen er tillagt oppgåver, og der ikkje myndet er lagt til kommunestyret eller delegert til andre organ.

2. Delegering etter odels- konsesjons- og jordlova:

Tidlegare vedtak om delegering etter desse loven vert oppheva, og erstatta med slik delegering:

Hovudutval for plan og utvikling får delegert mynde etter desse paragrafane

- J § 8: Avtale om bortleige dersom misleghald av driveplikt
- J § 9: Vedtak om omdisponering av dyrka jord.
For areal under 2 daa: Mynde delegert til rådmann
Påby fjerning av ulovlege bygg/anlegg
- J § 12: Vedtak om frådelling
- K § 2: Søknad om konsesjon
- K § 11: Lemping på konsesjonsvilkår
- K § 13: Gi pålegg om og frist for å søkje om konsesjon
- K § 16: Tilbaketrekking av konsesjon og fastsetjing av frist for sal
- K § 18: Fastsetje frist for panthavar/eigar

Rådmannen får delegert mynde etter desse paragrafane:

- K § 5 pkt 5: Forlenging av frist for vidaresal
- K § 20: Gi unntak for hogstforbod
- J § 3: Godkjenne plan for nydyrking (jf. forskrift)
- J § 3: Planlegging og godkjenning av vegar til landbruksføremål (jf. sentral forskrift)
- J § 3: Dispensasjon for spreietidspunkt husdyrgjødsel (jf. sentral forskrift) etter 1.okt

Kommunal forskrift (K-sak 28/07):

- § 3: Løyve til spreieing av husdyrgjødsel/silopresssaft i tida 20. sept – 1.okt

Forskrift til J og S:

Tildeling av SMIL- og NMSK-midler

Forskrift til S

§ 3-1: Godkjenne planar for skogsvegbyggjing

§ 3-4: Sette vilkår for løyve til utbygging.

3. Delegering etter ureiningslova.

Formannskapet får delegert mynde til å gi uttale på vegne av kommunen.

Rådmannen får delegert mynde etter alle andre paragrafar der kommunen er tillagt oppgåver, og der ikkje myndet er lagt til kommunestyret eller delegert til andre organ.

4. Delegering etter friluftsløva.

Rådmannen får delegert mynde etter desse paragrafane:

§ 2: Forbod mot ferdsel i utmark

§ 15: Regulering av ferdsel på visse friluftsområde

§ 16: Sperring av særleg utsett område

§ 20: Uttale om tvilsspørsmål

§ 40: Stansing/fjerning av ulovleg byggverk mm.

5. Delegering etter sosialtenesteløva.

Rådmannen får delegert mynde etter desse paragrafane:

§ 4-2 bokstav a-d.: Tildeling av ymse tenester.

I tillegg vert mynde til å tildele lån og tilskot etter retningsliner frå Husbanken, delegert til rådmannen.

Behandling og vedtak i Formannskapet, 26.11.2009:

Røysting:

Samrøystes.

Vedtak:

Administrasjonen sitt framlegg til vedtak vert godkjent.

Behandling og vedtak i Kommunestyret, 15.12.2009:

Nye framlegg:

Frå H v/Arve Mjømen:

Som formannskapet, men utan delegasjonen i punkt 5. til Rådmannen.

Røysting:

12 mot 9 (KRF, V og Anne Marit Brekken Oppedal frå AP).

Vedtak:

Høgre sitt framlegg til vedtak vert godkjent.

Saknummer: 09/1104
Løpenummer: 5981/09
Arkivkode: 033
Saksbehandlar: Ingebjørg Søreide

MØTEBOK Gulen kommune

<u>Saknummer</u>	<u>Utval</u>	<u>Møtedato</u>
66/09	Kommunestyret	15.12.2009

VAL AV NY OVERFORMYNDAR 2010-2013

Kommunestyret har endeleg avgjerdsmynde i saka.

Særutskrift sendt til:

- Den valde
- OverformyNDAR Irene K Wergeland
- Rådgevar omsorg
- Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Njøsavegen 2, 6863 Leikanger
- Einingsleiar sone Eivindvik: Nina Haveland Sleire

Administrasjonen si saksutgreiing og framlegg til vedtak:

Sakstilfang:

Ikkje utsende vedlegg:

- Verjemålslova § 20

Saksutgreiing:

Overformynderiet har til vanleg to overformyNDARar. Dei vert vald, ein kvart anna år av kommunen, for fire år rekna frå 1. januar året etter valet.

Anna kvart år vel ein for dei fylgjande to år 2 varamenn til å gjere teneste når nokon av dei valde medlemmane er ugilde eller har forfall. Ordenen mellom varamedlemmane vert bestemt ved valet.

Desse har vore overformyNDARar i perioden:

1. Jorunn Halland (01.07.06 -31.12.09).
2. Irene K Wergeland (01.01.08- 31.12.10)

Varamedlemmar:

1. Ivar Eide (01.01.08 – 31.12.10)
2. Linn D Wilberg (01.01.08-31.12.10)

Det må no veljast ein ny overformyNDAR for tidsrommet 01.01.10-31.12.13)

Valnemnda sitt framlegg til vedtak:

Som ny overformyNDAR for tidsrommet 01.01.10 – 31.12.13 vert vald Aslak Nyhammer. Nyhammer har sagt seg villig til å verte ny overformyNDAR.

Framlegg til vedtak:

Aslak Nyhammer vert valt til ny overformyndar frå 01.01.10-31.12.13.

Behandling og vedtak i Kommunestyret, 15.12.2009:

Laila Nyhammer var ugild og deltok ikkje i behandling av sak 66/09.

Røysting:

Samrøystes.

Vedtak:

Administrasjonen sitt framlegg til vedtak vert godkjent.

Saknummer: 09/1081
Løpenummer: 5983/09
Arkivkode: A11
Saksbehandlar: Kari Brekken

MØTEBOK Gulen kommune

<u>Saknummer</u>	<u>Utval</u>	<u>Møtedato</u>
17/09	Hovudutval for oppvekst	08.12.2009
67/09	Kommunestyret	15.12.2009

HEILDAGSTILBOD VED DALSYRA BARNEHAGE - EVALUERING OG OPPFØLGJING AV PRØVEORDNING

Kommunestyret har endeleg avgjerdsmynde i saka.

Særutskrift sendt til:

- Dalsøyra barnehage

Administrasjonen si saksutgreiing og framlegg til vedtak:

Sakstilfang:

Utsende vedlegg:

- Evaluering av Masfjordmodellen. Oppsummering av svar frå foreldre.

Ikkje utsende vedlegg:

- K-sak 58/08

Saksutgreiing:

I K-sak 58/08 vart det vedteke at Dalsøyra barnehage berre skulle tilby heile plassar, med redusert foreldrebetaling (såkalla Masfjord-modell). Vedtaket lydde slik:

1. *Utprøving av "Masfjord-modellen" i Dalsøyra/Eidsbotn barnehage i eitt år, frå januar 2009.*
2. *Foreldrebetaling vert sett til kr. 1.770 + kr. 200 i matpengar pr. mnd.*
3. *Ei evaluering både økonomisk og pedagogisk må bli gjennomført når prøveåret er over.*
4. *Det er ein føresetnad at "Masfjord-modellen" skal innførast i alle dei kommunale barnehagane viss ordninga skal halde fram etter prøveperioden.*

Ordninga har no vart i ca eitt år. Barnehagen har gjennomført ei evaluering, ved spørjeskjema til foreldre og drøfting på personalmøter.

Konklusjonen frå barnehagen er:

- a) Foreldre. Det er komme inn skriftleg svar frå 11 av 24 foreldrepar. Alle ynskjer å halde fram med modellen. Hovudgrunnen er at det er billigare. Mange peikar også på at heildagsplass gjer at dei meir fleksible, både med omsyn til jobb og fritid. Det vert også peika på at barna har trivest godt med ordninga. Dei vert betre kjende, og har føreseielege kvardagar.

Av negative ting, vert det nemnt manglande søskenmoderasjon og tap av kontantstøtte.

- b) Tilsette. Dei er positive til ordninga. Det at alle barna har plass kvar dag, gjer det enklare å få gode pedagogiske opplegg, dei får meir tid til kvart enkelt barn, og det er lettare å ha oversikt.

Økonomisk evaluering:

Reduksjon i foreldrebetalinga er kr. 485 pr. barn pr. mnd. Det er ikkje søskenmoderasjon.

Dersom alle barna hadde hatt full plass utan redusert betaling, men med søskenmoderasjon, ville vi fått ca. kr. 125 000 meir i foreldrebetaling.

Dersom 80 % hadde hatt full plass, resten 3 dagar pr. veke, ville vi fått ca kr. 85 000 meir. Vi ville då fått ca kr. 100 000 mindre i statstilskot. Det er vanskeleg å seie nøyaktig kor mykje vi kunne redusert personale med, men 20 % assistent ville gi mindre utgifter på ca kr. 70 000. Samla ville barnehagen si nettoutgift vore ca. kr 55 000 mindre med normaltilbod.

Ulike samansetjingar av plassar, alder på barn med eventuell redusert plass osv, vil gi andre summar på meirutgifter/-inntekter, men alle modellar syner ei netto meirutgift på kr. 30 – 120 000 ved denne ordninga.

Ei samanlikning med Eivindvik barnehage, som er den som er mest lik i barnetal og organisering, syner følgjande pr. 01. desember 2009:

- nettoutgiftene ved Dalsøyra er ca kr. 100.000 høgare enn i Eivindvik.
- Nettoutgiftene pr. barn er ca. 12 000 i Eivindvik, ca 18 000 på Dalsøyra.

Oppfølging av prøveprosjektet.

Vedtaket i kommunestyret seier at ein ikkje skal halde fram med denne modellen for berre ein barnehage etter utgangen av 2009.

Med den berekna nedgangen i barnetalet, vil alle barnehagane ha plass nok til å tilby berre heile plassar frå hausten 2010. Vi må behalde avdelinga på Haveland til dess ny barnehage i Eivindvik står klar.

Budsjettframlegget for 2010 byggjer på uendra takstar for foreldrebetaling, også i Dalsøyra barnehage. Dersom alle skal få redusert takst, må inntekter og utgifter justerast. Netto utgiftsauke er i budsjettsaka berekna til ca. kr 40 000. Etter nøyare utrekning av ulike modellar, kan det sjå ut som at dette er for lite, og må truleg aukast til ca kr. 100 000

Vurderingar.

Administrasjonen vil frårå at prøveordninga vert utvida av ulike grunnar:

1. Kommunal økonomi. Så godt som 100 % av barn over 2 år, og 75 % av 1-åringane har plass i barnehage. Tendensen er at fleire og fleire ynskjer 4 eller 5 dagar, sjølv med full foreldrebetaling. 75 % av barna i dei andre barnehagane har no slik plass. Taksten er altså ikkje eit hinder for at folk søkjer full barnehageplass, men sjølvstøtt ynskjer alle at tilbodet er billigast mogeleg. I den økonomiske stoda for Gulen kommune, må det vurderast nøye om vi har råd til lågare foreldrebetaling enn den maks.prisen Stortinget har sett, og som nesten alle andre kommunar nyttar.

2. Uklårt om ordninga er i tråd med barnehagelova.
Vi må i alle fall tilby søskenmoderasjon, som er ein forskriftsfesta rett.

I § 8 har kommunen eit pålegg om å syte for at barnehage tilbudet er tilpassa lokale behov. I departementet sine merknader til denne paragrafen, er det peika på at
"Dette betyr at det må være et tilbud om både heltids- og deltidsplasser..."

Dersom vi skal ta dette på alvor og opne for deltidsplassar, går den såkalla Masfjordmodellen berre ut på redusert foreldrebetalinga. Dette kan gjerast i saka om kommunale gebyr, og må gjelde for alle plassar i kommunale barnehagar.

Søskenmoderasjon vert innført att ved Dalsøyra barnehage frå og med januar 2010, når prøveprosjektet er avslutta. Det vert også tilrådd at ordninga med berre heile plassar og redusert foreldrebetaling held fram der ut barnehageåret 2009/-10, for å gi foreldra tid og høve til å søkje om endra plass.

Framlegg til vedtak:

Dalsøyra barnehage får halde fram med å tilby berre heile plassar og redusert foreldrebetaling til 31.07.10. Ordninga vert deretter avvikla.

Behandling og vedtak i Hovudutval for oppvekst, 08.12.2009:

Nye framlegg:

Nytt felles framlegg, som tillegg til administrasjonen sitt framlegg:
Saka kan takast oppatt når det er gjennomførbart i alle barnehagane i kommunen.

Røysting:

Samrøystes.

Vedtak:

Dalsøyra barnehage får halde fram med å tilby berre heile plassar og redusert foreldrebetaling til 31.07.10. Ordninga vert deretter avvikla.
Saka kan takast oppatt når det er gjennomførbart i alle barnehagane i kommunen.

Behandling og vedtak i Kommunestyret, 15.12.2009:

Nye framlegg:

Frå H/v/Ivar Eide:

Dalsøyra barnehage får halde fram med Masfjordmodellen etter prøveperioden.

Røysting:

17 mot 4 (H).

Vedtak:

Hovudutvalet for oppvekst sitt framlegg til vedtak vert godkjent.

Saknummer: 09/1080
Løpenummer: 5985/09
Arkivkode: H35
Saksbehandlar: Ingebjørg Søreide

MØTEBOK Gulen kommune

<u>Saknummer</u>	<u>Utval</u>	<u>Møtedato</u>
27/09	Hovudutval for omsorg	08.12.2009
68/09	Kommunestyret	15.12.2009

PROSJEKT VERNA ARBEIDSPLOSSAR

Kommunestyret har endeleg avgjerdsmynde i saka.

Særutskrift sendt til:

- Einingsleiar PU Bjørg H Haugland
- Kommunal koordinator Wenche Leite
- NAV Gulen
- Råd for menneske med nedsett funksjonsevne v/leiar Astrid Uthaug
- Rådgevar oppvekst
- Dalsøyra skule v/rektor Agnar Mostrøm
- Koordinator pleie- og omsorg/psykiatrisk sjukepleiar Miek Norman
- ”Pallefabrikken” v/Sigmund Horne
- Einekavane v/Øyvind Kristoffersen (Masfjorden)

Administrasjonen si saksutgreiing og framlegg til vedtak:

Sakstilfang:

Utsende vedlegg:

- Prosjektrapport ”Prosjekt verna arbeidsplassar” utarbeida av Wenche Midthun, datert 01.07.09

Ikkje utsende vedlegg:

- 10 stk vedlegg til prosjektrapporten: relevante lover og forskrifter
- K-sak 41/08: Bustadar for brukarar med særlege behov

Saksutgreiing:

Kommunen har iflg. ”Lov om sosiale tenester” sin formålsparagraf, og iflg. forskrift om kvalitet i omsorgstenestetilbodet, plikt til å yte tenester som skal stette grunnleggjande behov, herunder tilbod om variert og tilpassa aktivitetar til den enkelte brukar.

Prosjekt verna arbeidsplassar, heretter kalla tilrettelagte arbeidsplassar, vart starta opp 01.02.09 og avslutta 30.06.09. Mandatet for prosjektet har vore å utgreie ulike alternativ for oppretting av arbeidsplassar i Gulen kommune.

Målet for prosjektet har vore å finne fram til løysingar for;

- kvar slike arbeidsplassar kan leggst
- kva organisasjonsform ei slik bedrift/arbeidssenter kan ha
- samt sjå på lover og reglar kommunen må rette seg etter , og kva økonomisk stønad kommunen kan forvente å få

For meir detaljert informasjon syner sakshandsamar til utsendt rapport.

K-sak 41/08 omhandla bustader for brukarar med særlege behov. Saka omhandla og dagtilbod/arbeidstilbod for nemnde gruppe, og vedtaket la stor vekt på å prioritere arbeidet med dagtilbod/arbeidstilbod høgt. Prosjekt tilrettelagte arbeidsplassar er ei vidareføring av vedtaket.

Gulen kommune har i dag "Pallefabrikken" med 5 arbeidsplassar, og individuelle tilrettelagte arbeidsplassar. Det vil frå våren 2010 vere trong for eit meir organisert og variert tilbod. Brukargruppa har endra seg, og det vert fleire yngre nye brukarar. Kvar ny brukar skal ha individuell plan der både ressursar og behov skal vere kartlagde. For nokre av brukarane vil arbeidssenteret verte arbeidsstaden, medan for andre kan det verte aktuelt med arbeid andre stader i kommunen. For sistnemnde gruppe vil senteret kunne fungere som ein møtestad einskilde dagar.

Med bakgrunn i K-sak 41/08 er Dalsøyra vorte vald som geografisk stad for oppretting av arbeids/aktivitetssenteret. I samband med bygging av nybarnehage på Byrknesøy vart brakkene flytta til Dalsøyra.

Brakkene vert no rehabiliterte slik at dei kan nyttast til arbeid/aktivitet frå januar 2010.

Prosjektrapporten går detaljer gjennom definisjon av målgruppa, lokalitetar , kva type arbeidsplassar, VTA og erfaringar frå andre kommunar. Rapporten har og eit oversyn over økonomiske støtteordningar, og avsluttar med ein konklusjon og ei vidareføring.

Administrasjonen vil understreke at arbeidstilbodet på sikt må tilpassast og kunne nyttast av fleire ulike brukargrupper. Aktuelle grupper kan vere personar med psykiske vanskar og demente. I fyrste omgang vil tilbodet til nye unge brukarar med særlege behov verte prioritert.

Framlegg til vedtak:

1. Arbeids/aktivitetssenteret skal vere klar til oppstart våren 2010.
2. Arbeidet med kartlegging og tilrettelegging av arbeid/aktivitetar skal startast opp i januar 2010.
3. Eksisterande stillingheimlar vert omdisponerte til å arbeide med oppstart og drift av arbeid/aktivitetssenteret.

Behandling og vedtak i Hovudutval for omsorg, 08.12.2009:

Nye framlegg:

Frå Helga Irene Ellingsen (SP):

Nytt punkt 4:

Gulen kommune søker å kjøpe seg inn i Einekavane, og slik verte ein del av bedrifta. All administrasjon og planlegging vert gjort frå frå Einekavane. Det vil verte ei avdeling av bedrifta på Dalsøyra. Det vil gjere at ein kan nytte VTA plassar, og slik få eit godt tilbod til

gruppa. Det vil også vere nødvendig med eit tilbod til dei tyngste brukarane. Dette vil verte som eit aktivitetssenter på Dalsøyra, og det vil verte organisert utanom Einekavane, men gjerne i samarbeid.

Røysting:

Samrøystes.

Vedtak:

Administrasjonen sitt framlegg til vedtak vert godkjent med tillegg nytt punkt 4.

Behandling og vedtak i Kommunestyret, 15.12.2009:

Røysting:

Samrøystes.

Vedtak:

Hovudutvalet for omsorg sitt framlegg til vedtak vert godkjent.

Etter dette er vedtaket slik:

1. Arbeids/aktivitetssenteret skal vere klar til oppstart våren 2010.
2. Arbeidet med kartlegging og tilrettelegging av arbeid/aktivitetar skal startast opp i januar 2010.
3. Eksisterande stillingheimlar vert omdisponerte til å arbeide med oppstart og drift av arbeid/aktivitetssenteret.
4. Gulen kommune søker å kjøpe seg inn i Einekavane, og slik verte ein del av bedrifta. All administrasjon og planlegging vert gjort frå frå Einekavane. Det vil verte ei avdeling av bedrifta på Dalsøyra. Det vil gjere at ein kan nytte VTA plassar, og slik få eit godt tilbod til gruppa. Det vil også vere nødvendig med eit tilbod til dei tyngste brukarane. Dette vil verte som eit aktivitetssenter på Dalsøyra, og det vil verte organisert utanom Einekavane, men gjerne i samarbeid.

Saknummer: 09/971
Løpenummer: 5986/09
Arkivkode: Q80
Saksbehandlar: Magne Insteffjord

MØTEBOK Gulen kommune

<u>Saknummer</u>	<u>Utval</u>	<u>Møtedato</u>
101/09	Hovudutval for plan og utvikling	11.12.2009
69/09	Kommunestyret	15.12.2009

FYLKESKOMMUNALE TRAFIKKTRYGGINGSMIDLAR - AKSJON SKULEVEG 2010

Kommunestyret har endeleg avgjerdsmynde i saka.

Særutskrift sendt til:

- Arbeidsutvalet ved skulane
- Barnehagane
- Barnerepresentant
- Statens vegvesen, region vest

Administrasjonen si saksutgreiing og framlegg til vedtak:

Sakstilfang:

Utsende vedlegg:

- Skriv dat. 14.10.09 frå Statens Vegvesen.
- K sak 75/08
- Referat frå Trafikktryggleiksynfaringa i Gulen kommune 26.09.02
- Handlingsplan for trafikktrygging – Mål og tiltak
- Skriv til skular og barnehagar, datert 17.11.09.
- E post frå Byrknes barnehage og skule dat 25.11.09
- Skriv frå Daløyra skule dat 02.12.09.

Saksutgreiing:

Syner her til sak K sak 75/ 08 som ligg som sakstilfang til denne saka.

Tidlegare tildelingar:

For 2004 vart tildelt 750 000 i tilskot for Gang- og sykkelveg Orkneset – Brekke sentrum.

For 2007 vart tildelt 170 000 i tilskot til Tilrettelegging for å betre skysstilhøva på Indre Oppedal.

For 2008 vart tildelt 360 000 til Gang- og sykkelveg frå Lihaug bustadfelt til Dalsøyra skule.

For 2009 vart søkt om tildeling av midlar til Gang- og sykkelveg frå Lihaug bustadfelt til Dalsøyra sentrum.

Kommunen fekk ikkje tildelt midlar for 2009 til dette prosjektet.

For innspel i samband med søknad for 2010 tilrår eg, som tidlegare år, å ta utgangspunkt i prioriteringane som var gjort for 2009, og elles i høve til planen.

Tilskotet kan utgjere inntil 60% av kostnadsoverslaget for kvart prosjekt. Kommunen er ansvarleg for restfinansiering av om søkte tiltak.

Nye aktuelle tiltak: Sjå innspel

Frå før har desse tiltaka vore prioriterte:

1. Gang- og sykkelveg frå Lihaug bustadfelt til Dalsøyra sentrum.
2. Gang- og sykkelveg frå Gåta bustadfelt til eksisterande gang- og sykkelveg, samt utvida sikt i krysset mellom fylkesvegen og kommunal veg.

Framlegg til vedtak:

Gang- og sykkelveg frå Gåta bustadfelt til eksisterande gang- og sykkelveg, samt utvida sikt i krysset mellom fylkesvegen og kommunal veg.

Behandling og vedtak i Hovudutval for plan og utvikling, 11.12.2009:

Røysting:

Samrøystes.

Vedtak:

Administrasjonen sitt framlegg til vedtak vert godkjent.

Behandling og vedtak i Kommunestyret, 15.12.2009:

Nye framlegg:

Tillegg frå AP v/Anne Marit Brekken Oppedal:

Administrasjonen vert beden om å ta opp att saka om busstopp på Sætre og Asheim ved E39.

Røysting:

Samrøystes.

Vedtak:

Hovudutvalet for plan og utvikling sitt framlegg til vedtak, med tillegget frå AP, vert godkjent.

Saknummer: 09/523
Løpenummer: 5987/09
Arkivkode: 143 C2
Saksbehandlar: Anne-Karin Misje

MØTEBOK Gulen kommune

<u>Saknummer</u>	<u>Utval</u>	<u>Møtedato</u>
94/09	Hovudutval for plan og utvikling	11.12.2009
70/09	Kommunestyret	15.12.2009

KOMMUNAL PLAN FOR IDRETT OG FYSISK AKTIVITET - REVISJON FOR PERIODEN 2010-2013. GODKJENNING AV PLAN.

Kommunestyret har endeleg avgjerdsmynde i saka.

Særutskrift sendt til:

- Lag og organisasjonar i Gulen
- Sogn og Fjordane fylkeskommune, Kulturavdelinga, postboks 173, 6801 Førde
- Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Njøsavegen 2, 6863 Leikanger

Administrasjonen si saksutgreiing og framlegg til vedtak:

Sakstilfang:

Utsende vedlegg:

- Framlegg til "Kommunal plan for idrett og fysisk aktivitet 2010-2013"
- HPU-sak 80/09 - Utlegging til offentleg ettersyn, datert 15.10.2009
- Oversendingsbrev, datert 20.10.09
- Annonsetekst offentleg ettersyn, 20.10.09
- Fråsegn frå Sogn og Fjordane fylkeskommune, datert 30.10.2009
- Høyringsuttale frå Arbeidsgruppa for symje- og idrettshall i Sløvåg, datert 24.11.2009
- Skriv frå Oppedal/Brekke skyttarlag, datert 21.09.09 og 1.12.09
- Skriv frå U/L Havgula, datert inn 25.11.09
- Skriv frå Ytre Gulen Sanitetslag, datert 25.11.09
- Skriv frå Eidsbotn Vel, datert 20.08.09
- Skriv frå Dalsøyra Idrettslag, Brandangersund samfunnshus, Eidsbotn Vel, Ytre Gulen Idrettslag og Nordgulfjorden Sanitetsforening, epost registrert 21.09.2009
- Skriv frå Gulen Idrettsråd, epost datert 23.11.20.9
- Prosjektbeskriving "Kystarven i Gulen", datert 26.11.2009

Saksutgreiing:

Kommunedelplanen for idrett og fysisk aktivitet 2010-2013 vart lagt ut til offentleg ettersyn etter vedtak i HPU-sak 80/09. Desse innspela er registrert:

Skriv frå Sogn og Fjordane fylkeskommune, datert 30.10.2009

Fylkeskommunen er svært positive til at kommunen har gjeve gratis bruk av kommunale lokale for idrett, noko som er i tråd med mål i fylkesplanen. Fylkeskommunen har nokre

merknader av administrativ karakter, som vert imøtegått eller utdjupa. Det vert understreka at anlegg som skal stå i handlingsprogrammet må ha mål samt investerings- og vedlikehaldskostnader.

Fylkeskommunen har merknader til symje - og idrettshallen i Sløvåg som må oppførast som to stønadsobjekt, med tilhøyrande mål, behovsvurdering, finansiering, arealmessig plassering, eigarskap osv. for kvart einskildobjekt, samt at det må stillast kommunal garanti for anlegget for 20 år.

Fylkeskommunen ber vidare om at det vert gjort greie for korleis tiltaka i den kommunale idrettsplanen korresponderar med andre planer i kommunen. Spesielt om det i arealdelen av kommuneplanen er stilt areal til disposisjon for dei tiltaka som er inne på planen, og om tiltaka er innarbeida i Gulen kommune sin økonomiplan.

Høyringsuttale frå Arbeidsgruppa for symje- og idrettshall i Sløvåg, datert 24.11.2009

Arbeidsgruppa informerar om at grunnlaget for ein interkommunal eigarstruktur mellom Gulen og Masfjorden ikkje lenger er gjeldande etter at Masfjorden har valt å trekke seg ut av prosjektet. Arbeidsgruppa vil likevel ikkje utelukke ein slik modell, dersom nye moment i prosessen skulle tilseie at Masfjorden kommune endrar standpunkt.

Arbeidsgruppa står fast ved at Steinsvågen er den mest tenlege lokaliseringa med omsyn til arealutvikling, marknad og tilgjenge, samt nærleik til energi. Arbeidsgruppa har invitert næringslivet i Gulen til å bidra til at arealet vert regulert til slikt føremål, og oppmodar Hovudutval for plan og utvikling til det same.

Arbeidsgruppa orienterar elles om at prosjektet no er inne i den nye Fylkesplanen for idrett og fysisk aktivitet for Sogn og Fjordane 2010-2013. Arbeidsgruppa meiner at framlegget ivaretar prosjektet med ein fleirbrukshall med symje- og idrettshall for kommunen ved at anlegget ligg som 2.prioritet i handlingsprogrammet for 2010-2013.

Skriv frå Oppedal/Brekke skyttarlag, datert 21.09.09 og 1.12.09

Oppedal/Brekke skyttarlag spelte i samarbeid med Brekke idrettslag inn felles innandørs lokale for skyting og anna idrettsleg aktivitet. Etter å ha konferert med anleggskonsulenten i fylket, ynskjer laget i skriv av 1.12.09 berre å spele inn innandørs skytebane, og å behalde plasseringa i den kommunale idrettsplanen med 1.prioritet.

Skriv frå U/L Havgula, datert inn 25.11.09

U/L Havgula støttar fleirbrukshall i Sløvåg, men understrekar at dette ikkje må påverke andre postar i kommeøkonomien. Laget meiner at kommunen eventuelt bør vurdere ein hall utan basseng. Laget meiner at ein fleirbrukshall vil føre til felles kulturarrangement og konsertar, og opne for større arrangement og samarbeid mellom bygdene i Gulen.

Elles speler laget inn treningsstova som Ytre Gulen IL har byrja arbeide med, og ynskjer at dette tiltaket vert lagt inn på lista over prioriterte nærmiljøanlegg.

Skriv frå Ytre Gulen Sanitetslag, datert 25.11.09

Laget støttar fleirbrukshallprosjektet i Sløvåg, og meiner anlegget vil vere eit samlingspunkt både for Masfjorden og Gulen sine innbyggjarar, med ymse tilbod når det gjeld fysisk aktivitet. Samstundes syner laget til at ein her vil få ein "storstove" til å arrangere større innandørs

arrangement, som dei meiner vil skape meir samarbeid mellom ulike lag i kommunane og større trivsel bygdene i mellom.

Ytre Gulen Sanitetslag oppmodar Gulen kommune om å ta opp att samarbeidet med Masfjorden kommune angående fleirbrukshallen i Sløvåg, før midlane som det private næringslivet i Sløvåg vil bidra med forsvinn.

Sanitetslaget nemner også Ytre Gulen Idrettslag sin planlagde ”treningsstove” som eit flott tiltak for treningsglade øybuarar, og voner Gulen kommune vil prioritere tiltaket i planen. Sanitetslaget spelar inn tilrettelegging/oppsetting av sanitetsanlegg ved badeplassane Gråvik og Siletjønna.

Skriv frå Eidsbotn Vel, datert 20.08.09

Eidsbotten Vel viser til auka barnetilvekst og behov for betydeleg oppgradering av eksisterande friareal/fotballbane i Hovden Bustadfelt. Dei ynskjer å spele inn ein ballbinge på Hovden til det fireårige handlingsprogrammet, og ber om møte med kommunen for å drøfte dette.

Skriv frå Dalsøyra Idrettslag, Brandangersund samfunnshus, Eidsbotn Vel, Ytre Gulen Idrettslag og Nordgulfjorden Sanitetforning, epost registrert 21.09.2009

Samla opprop med støtte til Badeanlegg/terapibasseng/Fleirbrukshall i Sløvågområdet. Representantane for nevnte lag/org oppmodar sterkt kommunen til i samarbeid med Arbeidsgruppa for symje- og idrettshallprosjektet i Sløvåg å arbeide vidare for å finne nye løysingar slik at fleirbrukshallen vert realisert.

Skriv frå Gulen Idrettsråd, epost datert 23.11.2009

Idrettsrådet hadde berre tekniske merknader/rettingar til planen.

Administrasjonen sine vurderingar etter utlegginga

Administrasjonen har innarbeida merknader og rettingar i plandokumentet, samt justert det i høve innspel om anlegg. Det er vidare naturleg å justere planen i høve til merknadene frå Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Nytt sidan siste revisjon er kravet om idrettsfunksjonell godkjenning av anlegg ([V-0598 B](#), [V-0598 N](#)), som ikkje må forvekslast med den førehandsgodkjenninga kommunen gjer i samband med byggesøknader.

Ordinære anlegg

Innandørs skytebane i Brekke

Prosjektet med innandørs skytebane i Brekke styrast ikkje av fylkesplanen og har lagt inne på den kommunale planen heile siste periode utan å ha fått tildelt spelemidlar. Det er eit etterslep på 4-5 år for tildelingar til ordinære anlegg i Sogn og Fjordane, og tiltaket ligg soleis no godt an til å få tildelt midlar i dei nærmaste åra. Anlegget vert lagt inn i planen med prioritet 1.

Symjehall i Gulen - status

For å få søknadsrett til tilskot frå spelemidlane, må symjeanlegg vere prioritert i fylkesdelplanen for idrettsanlegg. Pr. i dag er symje- og idrettshallprosjektet i Sløvåg inne Fylkesplan for idrett og fysisk aktivitet for Sogn og Fjordane, som anlegg som bør vurderast i langtidsprogrammet for idrettsanlegg 2014-2017.

Rehabilitering av symjehallen ved Eivindvik ligg ikkje inne på Fylkesplanen. Dette tiltaket har tidlegare motteke spelemidlar, men desse vart ikkje nytta og vart trekt inn at.

Kommunen har i Økonomiplanen for 2010-2013 sett av kr. 5 mill til symjehall i 2012 og 5 mill i 2013.

Nye retningslinjer og vilkår

Det er i følge merknadene frå Fylkeskommunen behov for å føre opp symje- og idrettshall i kommunen som to stønadsobjekt i den kommunale planen.

Politisk status

Siste politiske handsaming av saka om symjehall i Gulen var 11.12.08 (K.sak 71/08) i samband med handsaminga av eit samarbeid om realisering av symje- og idrettshall i Sløvåg. Kommunestyret fatta då slikt vedtak:

1. Gulen kommune ynskjer å delta i prosjektet, men med fylgjande avgrensingar:
 - a. Kommunen sitt årlege driftstilskot og risiko vert avgrensa til kr 650.000,- i 2008 kr ved plassering på Dalsøyra og 400.000,- ved plassering i Nordbygda.
 - b. Gulen kommune tek sikte på å delta med inntil kr 10 mill i 2008 kr i eit fullfinansiert anlegg.
 - c. Masfjorden kommune deltar på tilsvarande vilkår. (Motsatt på driftstilskot)
 - d. Plassering i Nordbygda (Masfjorden), på Dalsøyra (Gulen) eller i området kring Steine.
2. Gulen kommune bidrar med inntil kr 100.000,-/10% av kostnader knytt til å kvalitetssikre prosjektet, Masfjorden kommune med tilsvarande og næringslivet/andre med resten (80%). I dette ligg det at m.a fylgjande skal utredast:
 - a. Konkretisering av romplan/tilbod, val av plassering/tomt og utdjupeing av kundegrunnlag
 - b. Større grad av kvalitetssikring av alle kostnader og finansiering i anlegget si levetid – minimum 40 år.
 - c. Selskapsform – mellom anna for å avgrense kommunenes risiko

Masfjorden kommune trakk seg etter dette uventa ut av planane om felles symje- og idrettshall. Etter dette fall grunnlaget for å kunne realisere dette prosjektet som eit interkommunalt samarbeidsprosjekt vekk. Plassering i Nordbygda vart dermed heller ikkje lenger aktuelt.

Då symje- og fleirbrukshallprosjektet i Sløvåg vart lagt inn på "Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet 2006-2009" vart det i tekstdelen lagt til at: "*Dersom symje- og idrettshall i Sløvåg syner seg umogeleg å realisere, og dermed få inn i komande revidering av fylkesdelplanen, vil kommunestyret prioritere rehabilitering av symjebassenget i Eivindvik*".

Administrasjonen sine vurderingar

Kommunen må uavhengig av løysing kunne garantere for drifta av ordinære anlegg i 40 år dersom ein ynskjer å søke spelemidlar. Eit symjeanlegg, uavhengig av plassering, må difor sjåast i samanheng med dei langsiktige planane for skulesektoren i kommunen.

Kommunen må pårekne nokre år før eit symjehallprosjekt i Gulen vert innarbeida i handlingsprogrammet for den Fylkeskommunale idrettsplanen. Det er normalt 5-6 års etterslep

for ordinære anlegg i fylket, og anlegg som står på det fireårige handlingsprogrammet er i regelen alt realisert og ventar på midlar.

Hovudutfordringa for innbyggjarane i Gulen er at ein i dag ikkje har tilbod om symjing i kommunen. I tillegg er det for einskilde eit sakk at ein ikkje har eit terapibasseng i kommunen. Dette talar for eit større symjeanlegg. Det ville vere positivt om ein fekk til eit samarbeid om ein ny 25 meters symjehall i kommunen, men dette er prosjekt som er økonomisk utfordrande for kommunen.

Det ligg ikkje føre grunnlag for samarbeid med næringslivet i kommunen om eit evt. 25 m basseng nærmare kommunesenter/skule som til dømes på Dalsøyra. Arbeidsgruppa for symje- og idrettsanlegg i Sløvåg står fast ved at Steinsvågen er den mest tenlege lokaliseringa med omsyn til arealutvikling, marknad og tilgjenge, samt nærleik til energi.

Rehabilitering av symjebassenget ved Eivindvik skule står no fram som det mest realistiske prosjektet for Gulen kommune. Det er eit langt mindre kostnadskrevjande prosjekt å realisere, og vil ikkje ha den same kapasiteten som eit 25 meters basseng. Men prosjektet vil sikre kommunen eit symjeanlegg innanfor ei økonomisk ramme som kommunen kan bere. Rehabilitering av symjebassenget ved Eivindvik skule vert difor lagt inn i handlingsprogrammet for kommande periode med prioritet 2.

Fleirbrukshallen i Sløvåg vert ført opp i den kommunale idrettsplanen som eit privat prosjekt med prioritert 3. Dette sikrar at anlegget har søknadsrett til spelemidlar.

Ordinære nærmiljøanlegg

Dei ordinære nærmiljøanlegga som er skildra i framlegget til ny idrettsplan legg opp til kommunal medverknad som må innarbeidast i Økonomiplanen for komande periode. HAFS kommunane har gått saman om "Kystarvprosjektet" (sjå vedlagd prosjektbeskriving).

I finansieringsplanen for Gulen kommune sin medverknad vert det lagt opp til ein kommunal medfinansiering til prosjektet på kr. 175 000,- over 3 år. Kr. 150 000,- er foreslått i Økonomiplanen for kommande periode, slik at kr. 25 000,- til deltaking i felles turkart og turbok/praktbok for HAFS kommunane manglar.

Kommunestyret vedtok i K.sak 74/08 at det skulle lagast plan for aktivitetsanlegg i tilknytning til uteområda ved kvar skule. Det er innhenta innspel frå tre skular. Byrknes har dei siste åra fått realisert ein ballbinge i tilknytning til sin skule, og har ikkje spelt inn nye anlegg. For dei resterande er innspela til aktuelle /ønska anlegg innarbeida i handlingsprogrammet for dei neste fire åra.

I planen er det lagt opp til ein kommunal medverknad på kr. 125 000,- for kvart av anlegga, kr. 375 000,- fordelt over 3 år som belastast skulepakken.

Ridebana som ligg i høyringsdokumentet vert no realisert som eit privat prosjekt og vert difor teken ut av planen.

Det er spelt inn trimstove til planen. Ein kan imidlertid ikkje søke spelemidlar til treningsutstyr gjennom spelemidlane, og innspelet vert ikkje innarbeida i planen. Ein kan søke midlar til etablering av treningslokalar i tilknytning til symjehall dersom dette er over 50m², eller i tilknytning til idrettshall dersom lokalet er over 100 m².

Når det gjeld rydding av badevikar kan ein ikkje søke spelemidlar til dette, og innspel som omhandlar dette vert ikkje teken inn i det fireårige handlingsprogrammet. Ein kan imidlertid søke midlar til toalettanlegg og aktivitetsanlegg i tilknytning til badevikar og desse kan difor ligge i langsiktig del for å synleggjere behova i kommunen.

Då kommunen normalt vil få spelemidlar til eitt eller maks to nærmiljøanlegg pr. år har det i regelen lita hensikt å føre opp fleire enn åtte anlegg i det fireårige handlingsprogrammet i den kommunale idrettsplanen. Høyringsdokumentet hadde til liks med førre plan ein "open post" med rom for to uspesifiserte nærmiljøanlegg i kommunen. Ved dette høvet er det fireårige handlingsprogrammet så langt pga. vedtaket om å jobbe for aktivitetsanlegg ved kvar skule, at dette ikkje er plass til fleire prosjekt.

Framlegg til vedtak:

1. Administrasjonen sitt framlegg til Kommunal plan for idrett og fysisk aktivitet 2010-2013 vert vedteke.
2. Det vert sett av kr. 175 000,- til deltaking i "Kystarvprosjektet" i HAFS, og kr. 375 000,- av skulepakken til realisering av aktivitetsanlegg i tilknytning til skulane sine uteområdar. Investeringane vert innarbeida i økonomiplanen for kommande periode.

Behandling og vedtak i Hovudutval for plan og utvikling, 11.12.2009:

Røysting:

Samrøystes.

Vedtak:

Administrasjonen sitt framlegg til vedtak vert godkjent.

Behandling og vedtak i Kommunestyret, 15.12.2009:

Behandlinga av saka vart flytta til etter sak 72/09 (Budsjett 2010/økonomiplan 2010-13).

Nye framlegg:

Frå H v/Ivar Eide:

Som vedtak i HPU, men med slik endring: Fleirbruksanlegget i Sløvåg vert ført opp på 2. plass i kommunal plan for idrettsanlegg i Gulen.

Røysting:

11 mot 10 (KRF, V, Odd Harald Eide og Anne Marit Brekken Oppedal frå AP).

Vedtak:

Høgre sitt framlegg til vedtak vert godkjent.

Etter dette er vedtaket slik:

1. Administrasjonen sitt framlegg til Kommunal plan for idrett og fysisk aktivitet 2010-2013 vert vedteke, med slik endring: Fleirbruksanlegget i Sløvåg vert ført opp på 2. plass i kommunal plan for idrettsanlegg i Gulen.
2. Det vert sett av kr. 175 000,- til deltaking i "Kystarvprosjektet" i HAFS, og kr. 375 000,- av skulepakken til realisering av aktivitetsanlegg i tilknytning til skulane sine uteområdar. Investeringane vert innarbeida i økonomiplanen for kommande periode.

Saknummer: 09/1053
Løpenummer: 5988/09
Arkivkode: 231
Saksbehandlar: Harald Haugejorden

MØTEBOK Gulen kommune

<u>Saknummer</u>	<u>Utval</u>	<u>Møtedato</u>
58/09	Formannskapet	26.11.2009
71/09	Kommunestyret	15.12.2009

FORSKRIFT OM GEBYR, AVGIFTER, HUSLEIGE OSB. 2010

Kommunestyret har endeleg avgjerdsmynde i saka.

Særutskrift sendt til:

- Einingane (e)
- Ekspedisjonsavdelinga, her (e)
- Skatt- og rekneskapsavdelinga, her (e)
- Løns- og personalavdelinga, her (e)

Administrasjonen si saksutgreiing:

Sakstilfang:

Utsende vedlegg:

- Skriv frå NGIR om gebyr for 2010, datert 27.10.09
- Gebyrregulativ 2010 Teknisk sektor Gulen kommune, justert 21.10.09

Saksutgreiing:

Gebyr, avgifter, husleige, brukarbetaling osv. er samla under artgruppe 6 i budsjettet. Desse inntektene skal vedtakast som del av årsbudsjettet kvart år.

Kommentarar til tenestene som har inntekter innafor artgruppe 6:

RAMMEOMRÅDE 1xx – YMSE FØREMÅL:

12020 Økonomiforvaltning

Administrasjonen tilrår at fakturagebyr ikkje vert nytta i større grad enn no, og at kommunale purre- og innkrevjingsgebyr etter Inkassolova og Rettsgebyrlova vert sett til maksimum i lovene (som no).

12050 Fellesfunksjonar og fellesutgifter

Prisane på kopieringstenester og abonnement på kommunestyre- og formannskapsprotokollar er fastsett som "runde summar" med utgangspunkt i sjølvkostprinsippet. Det vert ikkje gjort framlegg om endringar i prisane.

38500 Bibliotek

Overdagsgebyr for seint innleverte bøker er kr 20. Det er ikkje tilrådd auke.

RAMMEOMRÅDE 2xx – OPPVEKST:

20100 Barnehage

Tidlegare har definisjon av normaltilbod i barnehagen vore del av forskrift om betaling. Dette er no teke ut, og vert innlemma i vedtektene ved neste revisjon.

Art 6000 Brukarbetaling

I framlegg til statsbudsjett er maksprisen uendra, dvs. vi kan ikkje gå over dagens takst på kr 2 330 pr. måned for heil plass.

Det ligg ingen føringar frå staten på brukarbetaling for deltidsplass. Kommunestyret har tidlegare bestemt at brukarbetaling pr. dag skal vere tilnærma lik, med unntak av 4-dagarstilbod som vert noko dyrare på grunn av at det øyremerka statstilskotet er lågare.

Framlegg til budsjett 2009 er basert på at satsane vert uendra, også i Dalsøyra barnehage. Her kan det verte små endringar, dersom prøveordning med berre heildagsplass vert endra.

Art 6200 Avgiftsfritt sal av varer/tenester

Sats for brødmåltid vart sist auka i 2007. Det er ikkje rekna auke for 2010. Betaling for frukt og mjølk er inkludert i foreldrebetalinga.

21500 Skule/fritidstilbod

Art 6000 Brukarbetaling

Satsen har vore uendra i fleire år. Det er rekna med uendra satsar også for 2009.

På grunn av framlegg om leksehjelp frå skuleåret 2010-11, vil tal brukartimar i SFO gå ned. Samla inntekter vil ikkje bli særleg påverka, sidan vi har få brukarar.

Art 6200 Avgiftsfritt sal av varer/tenester

Satsen er ikkje foreslått auka.

38310 Musikkskule

Takstane vart auka med 5 % i 2009. Det rekna med same satsar for 2010. For vaksne er taksten sett lik sjølvkost.

RAMMEOMRÅDE 3xx – OMSORG:

24180 Psykiatri

Satsar for eigenbetaling 2009:

Eigenbetaling for leige av lyskabinett kr 220,- pr behandlingsperiode. Ein behandlingsperiode varer i regelen 14 dagar.

Leiga vert ikkje tilrådd auka for 2010.

25300 Pleie, omsorg, hjelp i institusjon

Satsar for tenestosal ved Gulen sjukeheim i 2009:

Full pensjon: kr 105,-

Middag: kr 75,-
Kledevask: kr 41,-

Matprisar er tilrådd auka med kr 2,- i 2010.
Satsen for vask av klede vert tilrådd auka med kr 2,- pr kg.

Satsar for korttidsopphald:

Betaling for korttidsopphald skal fylgja maksimalsats fastsett av Stortinget.

25400 Pleie, omsorg, hjelp i heimen

Satsar eigenbetaling for heimehjelp 2009:

Inntekt under 2 G: maksimalsats fastsett ved forskrift

Inntekt over 2 G: kr 200,- pr time

Eigenbetaling for inntekt over 2 G er tilrådd halde uendra i 2010, då Gulen kommune alt har høg sats i høve til dei aller fleste kommunane i Sogn og Fjordane.

Alarmtelefonar:

Kr 250,- pr mnd. (inkl. kr 34,- i adm. gebyr).

Satsen vert tilrådd auka med kr 8,- i 2010 grunna prisauke frå Hjelp 24.

Tenestosal, heimetenestene 2009:

Full pensjon: kr 105,-

Middag: kr 75,-

Tøyvask: kr 41,-

Betaling for korttidsopphald fylgjer maksimalsats fastsett av Stortinget.

Når det gjeld betaling for mat og vask, sjå *25300 Pleie, omsorg, hjelp i institusjon*.

Leige av alarmtelefonar: Satsen vert tilrådd auka grunna prisauke frå Hjelp 24. Summen inkluderer den leiga Gulen kommune betalar pr telefon med tillegg av eit administrasjonspåslag på kr 34,-.

RAMMEOMRÅDE 4xx – PLAN, LANDBRUK OG TEKNISK:

32540 Landbrukskontor

Planleggingstenester vil venteleg utgjere særsmå inntekter. Betalingssatsane er ikkje tilrådd justert opp. Gebyr innafør landbrukssektoren er fastsett i statleg forskrift. Det er ikkje kome melding om auke i 2010.

36020 Fisk- og viltforvaltning

Her vert tilrådd kravd inn fastsette maksimumsavgifter, som i 2009.

30100 Planlegging, 30200 Byggesakshandsaming, 30300 Kart- og delingsforretning

Ny matrikkellov vert innført 01.01.2010. Arbeidsomfanget ved matrikkelføring av eigedomar samt førebuarde og etterarbeid ved utføring av deling av eigedomar gjer at oppmålingsavdelinga lyt styrkjast med 30% stilling. Aukinga lyt finansierast ved gebyrauke for oppgåver etter matrikkellova (kart, deling og oppmåling.)

Region Nordhordland og Gulen har felles gebyrmal, ut frå prinsippet om full kostnadsdekning. Naudsynte planar og byggjeprojekt for kommunen si eiga drift og utvikling er tenkt koste av kommunen sjølv. Gulen kommune låg i 2009 i overkant av snittet for dei andre kommunane i regionen. Frå og med hausten 2005 vart kommunen med i felles tilsynsordning saman med kommunane i Nordhordland om felles tilsyn i samband med byggesaker. I samband med overgang til ny matrikkellov er kome ei omlegging av gebyrmalen. Gebyrsatsane er auka med 5%.

Dette vil gje ein slik gebyrinndekking av utgiftene:

Budsjett 2010: 63,6% av driftsutgiftene, kommunal netto utgift vert kr 1 087 000.

Til samanlikning:

Budsjett 2009: 92% av driftsutgiftene, kommunal netto utgift vert kr 122 000.

Rekneskap 2008: 47% av driftsutgiftene, kommunal netto utgift vart kr 1 342 000

Rekneskap 2007: 114,9% av driftsutgiftene, kommunal netto inntekt vart kr 348 250

(skuldast at manglande fakturering av plansaker frå tidlegare år vart henta inn i 2007)

Rekneskap 2006: 65,2% av driftsutgiftene, kommunal netto utgift vart kr 867 000

33810 Feiarvesen

I 2008 gjekk tenesta med kr 80 214 i underskot, og pr 31.12.08 står kr 235 620 på fond. I 2009 er det budsjettert med balanse. Tiltrådd uendra satsar.

34500 Distribusjon av vatn

I 2008 gjekk tenesta med kr 137 004 i overskot, og pr 31.12.08 står kr 606 013 på fond. I 2009 er det budsjettert med bruk av kr 41 600 av desse midlane. Overskot skal brukast i løpet av 4 år. Tiltrådd uendra satsar.

35310 Kloakk

I 2008 gjekk tenesta med kr 23 465 i underskot, og pr 31.12.08 står kr 373 283 på fond. I 2009 er det budsjettert med bruk av kr 203 300 av desse midlane. Overskot skal brukast i løpet av 4 år. Tiltrådd auke på 5% for å tilpasse inntektene til eit høgare utgiftsnivå på grunn av betre bemanning og nye kostnadskrevjande investeringsprosjekt.

35500 Innsamling av avfall (renovasjon)

Drifta er overtatt av NGIR, som tilrår mellom 8,0 til 11,8% auke i satsar for hus- og hytteavfall i 2010, og om lag 5,5% for slam.

RAMMEOMRÅDE 6xx – DRIFT OG VEDLIKEHALD:

26500 Kommunalt disponerte bustadar

Administrasjonen meiner leiga ligg omlag rundt marknadsleige, og tilrår justering med vanleg prisauke (2,0%) i 2010.

Framlegg til vedtak:

Slike satsar for gebyr, avgifter, husleige osv. skal gjelde i 2010:

RAMMEOMRÅDE 1xx – YMSE FØREMÅL:

12020 Økonomiforvaltning

Kommunale gebyr etter Inkassolova og Rettsgebyrlova vert sett til maksimum i lovene for alle krav der det er høve til det. Det skal reknast morarenter på alle kommunale krav der det er høve til det.

12050 Fellesfunksjonar og fellesutgifter

Prisar på kopieringstenester: 1-sidig / 2-sidig
 Privatpers. og bedrifter: A4: kr 3,00 over 10 stk. kr 1,50 / kr 2,00 over 10 stk. kr 1,00
 A3: kr 5,00 over 10 stk. kr 2,50 / kr 4,00 over 10 stk. kr 2,00
 Lag og organisasjonar: A4: kr 1,50 over 10 stk. kr 0,75 / kr 1,00 over 10 stk. kr 0,50
 A3: kr 3,00 over 10 stk. kr 1,50 / kr 2,00 over 10 stk. kr 1,00

38500 Bibliotek

Overdagsgebyr på videoutlån frå bibliotek: Kr 20 pr. dag

RAMMEOMRÅDE 2xx – OPPVEKST:

20100 Barnehagedrift

Tal dagar		Foreldre-betaling pr. mnd.	
5	Eldste barn	Kr 2 330	Dalsøyra : Kr 1 770
	2. barn	Kr 1 630	Dalsøyra: Kr. 1 770
4	Eldste barn	Kr 2 000	
	2. barn	Kr 1 400	
3	Eldste barn	Kr 1 400	
	2. barn	Kr 980	
2	Eldste barn	Kr 930	
	2. barn	Kr 652	

Brukarbetaling vert kravd inn 11 månader pr. år. Juli er betalingsfri månad for alle, uavhengig av kva tid barna har ferie. Det kan søkjast om opphaldsbetaling for 10 månader for barn som til vanleg går i Eivindvik barnehage sin avdeling på Haveland.

Søskenmoderasjon er 30% for barn nr. 2 , og 70% for barn nr. 3.

Takstar for tillegg:

Kjøp av tilfeldige dagar: kr. 250 pr. dag.
 Matpengar: Heil plass: kr. 125 pr. mnd. Dalsøyra barnehage: kr. 200
 Delt plass: kr. 25 i reduksjon pr. fridag.

21500 Skulefritidstilbod

Heil plass (8,5 t eller meir pr. veke) Kr. 1 500 pr. mnd
 Halv plass (2,5 – 8 timar pr. veke) Kr. 750 pr. mnd
 Til og med 2 timar pr. veke Kr. 380 pr. mnd.

Brukarbetaling vert kravd inn 9,5 månader pr. år. Halv takst i august, desember og juni, betalingsfri i juli

Søskenmoderasjon vert gitt der fleire søsken har heil plass, eller der barn med heil plass har søsken med barnehageplass. Moderasjonen er 30 % for barn nr. 2 , og 70% for barn nr. 3.

Takstar for tillegg:

SFO-tilbod i meir enn 12 dagar i skuleferiar/elevfrie dagar:	Kr. 3 500
SFO-tilbod inntil 12 dagar i skuleferiar/elevfrie dagar	Kr. 2 500
Kjøp av enkeltdagar:	kr 250 pr. dag.
Kjøp av tilfeldige timar:	kr 75 pr. time.
Matpengar: Heil plass	kr. 52 pr. mnd.

38310 Musikkskule

Enkeltelevar, barn/unge:	kr 2 150,- pr. år
Enkeltelevar, vaksne	kr 2 150,- pr. år
Korps	kr 315,- pr time i inntil 4 timar kvar veke
Ten Sing	kr 315,- pr time i inntil 2 timar kvar veke.
Vaksenkor	kr 570,- pr time i inntil 2 timar kvar veke.

Kora og korpsa betalar kr 570 pr. time dersom det skal kjøpast fleire timar t.d. til seminar m.m.

RAMMEOMRÅDE 3xx – OMSORG:

24180 Psykiatri

Leige av lyskabinett vert sett til kr 220,- pr behandling.

25300 Pleie, omsorg, hjelp i institusjon

Tenestosal ved Gulen sjukeheim skal betalast etter desse satsane:

Full pensjon: kr 107,-

Middag: kr 77,-

Kledevask: kr 43,-

Betaling for korttidsopphald skal fylgja maksimalsats fastsett av Stortinget.

25400 Pleie, omsorg, hjelp i heimen

Eigenbetaling for heimehjelp:

Inntekt under 2 G: maksimalsats fastsett ved forskrift

Inntekt over 2 G: kr 200,- pr time

Alarmtelefonar:

Kr 258,- pr mnd. (inkl kr 34,- i adm. gebyr).

Tenestosal, heimetenestene:

Full pensjon: kr 107,-

Middag: kr 77,-

Kledevask: kr 43,-

Betaling for korttidsopphald skal fylgja maksimalsats fastsett av Stortinget.

RAMMEOMRÅDE 4xx – PLAN, LANDBRUK OG TEKNISK:

30100 Planlegging

5% auke.

30200 Byggesaksbehandling

5% auke.

30300 Kart- og delingsforretning

5% auke.

32540 Landbrukskontor

Tekniske miljøtiltak: kr 370 pr. time (men min. 1,2%, maks. 2% av kostnadsoverslag) + mva.

Driftsplan: kr 750 + mva.

Anna planlegging: kr 430 pr. time + mva.

Saker etter jordlova (fastsett i forskrift): kr 750

Saker etter konsesjonslova (fastsett i forskrift): 0,3% av pris inntil kr 1 mill., 0,2% for
overskytende sum (men min. kr 750, maks. kr 15.000)

33810 Feiarvesen

Uendra.

34500 Distribusjon av vatn

Uendra.

35310 Kloakknett

5% auke.

35500 Innsamling av avfall (renovasjon)

Som vedtak i representantskapet i NGIR, jf. sakstilfang

36020 Viltforvaltning

Fellingsavgift for hjort: Kr 330 pr felt vaksen hjort (maksimalsats)

Kr 200 pr felt kalv (maksimalsats)

RAMMEOMRÅDE 6xx – DRIFT OG VEDLIKEHALD

26500 Kommunalt disponerte bustadar

2,0% auke.

Behandling og vedtak i Formannskapet, 26.11.2009:

Nye framlegg:

Frå KRF v/Trude Brosvik:

Som framlegget frå administrasjonen, men med slik endring av prisar for Dalsøyra barnehage:

Tal dagar		Foreldre-betaling pr. mnd.
5	Eldste barn	Dalsøyra : Kr 1 850
	2. barn	Dalsøyra: Kr. 1 850

Frå H v/Ivar Eide:

Gulen kommune krev ikkje betalt for kostnader med deling og melding for oppføring av fast busetnad, bustadhus. Inntektstap kr 40 000.

Røysting:

Framlegget frå KRF v/Brosvik vart samrøystes vedteke.

Framlegget frå H v/Eide fall mot 1 røyst (Eide, H).

Vedtak:

Administrasjonen sitt framlegg til vedtak, med tillegg frå KRF v/Brosvik, vert godkjent.

Behandling og vedtak i Kommunestyret, 15.12.2009:

Nye framlegg:

Frå H v/Ivar Eide:

Gulen kommune krev ikkje betalt for kostnader med deling og melding for oppføring av fast busetnad, bustadhus. Inntektstap kr 40 000.

Røysting:

17 mot 4 (H).

Vedtak:

Formannskapet sitt framlegg til vedtak vert godkjent.

Saknummer: 09/690
Løpenummer: 5989/09
Arkivkode: 151
Saksbehandlar: Harald Haugejorden

MØTEBOK

Gulen kommune

Saknummer	Utval	Møtedato
59/09	Formannskapet	26.11.2009
72/09	Kommunestyret	15.12.2009

BUDSJETT 2010/ØKONOMIPLAN 2010-2013

Kommunestyret har endeleg avgjerdsmynde i saka.

Særutskrift sendt til:

- Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Njøsavegen 2, 6863 Leikanger

Administrasjonen si saksutgreiing og framlegg til vedtak:

Sakstilfang:

Utsende vedlegg:

- Utkast til hovuddokument, datert 26.11.09
- Oversyn over budsjett 2010 pr rammeområde, datert 26.11.09
- Kommuneplanen: Handlingsprogram 2010-13 justert utifrå framlegg til økonomiplan
- Oversendingsskriv frå rådmannen til formannskapet, datert 11.11.09
- Notat om hovudutvalsstrukturen, datert 10.11.09
- KOSTRA-samanlikning frå rekneskapen 2008

Ansvar 100 Politisk styring, administrasjon, fellesutgifter m.m.:

- Budsjett 2010/Økonomiplan 2010-13 - fråsegn frå AMU i sak 5/09 frå møte 23.11.09
- Bedriftshelseteneste og opplæring til tillitsvalde - fråsegn frå AMU i sak 2/09 og 3/09 frå møte 22.10.09
- Ny ordning for bedriftshelseteneste frå 2010 – info frå arbeidstilsynet, datert 14.10.09
- Økonomiplan 2010-2013 for Kyrkjeleg fellestråd – GKF.sak 13/09 i møte 28.09.09

Ansvar 2xx Oppvekst:

- Endra skulestruktur - fråsegn frå Utdanningsforbundet i Gulen, mottatt 25.11.09

Ansvar 3xx Omsorg:

- Matlevering - fråsegn frå Fagforbundet, datert 03.11.09
- Legevaktsamarbeid - fråsegn frå Fagforbundet og Norsk Sjukepleiarforbund, datert 06.11.09

Ansvar 620 Drift og vedlikehald:

- Brukaravtale for bygg, datert 25.11.09
- Notat om vaktmeisterteneste, datert 25.10.09

Investeringar:

- Eivindvik barnehage – kalkyle datert 22.10.09
- Omsorgsbustader Dalsøyra – kalkyle datert 23.03.09

- Dalsøyra eldrecenter – underskriftsliste, datert 30.10.09
- Byrknes bu- og omsorgssenter – innspel frå leiar om ombygging
- PLT-eininga – innspel frå leiar, datert 12.10.09
- Symjehall - skriv frå Eivindvik og omegn næringsutvikling, datert 23.06.09
- Plan for oppgradering av uteområda ved skulane – status pr 01.06.09

Ikkje utsende vedlegg:

- Skjøn 2010 – skriv frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, datert 10.09.09
- Oversyn over lånegjeld i Sogn og Fjordane - tabell
- Sogn og Fjordane i Statsbudsjettet 2010 – utskrift av nettside
<http://www.statsbudsjettet.no/Statsbudsjettet-2010/Fylkesoversikt/Sogn-og-Fjordane/>
- Skriv til tenesteeiningane, datert 02.10.09
- Skriv til tenesteeiningane, datert 14.07.09
- K.sak 32/09 – Føringer for budsjett 2010/økonomiplan 2010-2013, datert 25.06.09

Ansvar 100 Politisk styring, administrasjon, fellesutgifter m.m.:

- Nye tiltak: Prosjektskildring for "Kystarven", datert 24.08.09
- Opplæring av tillitsvalde – skriv frå hovudverneombod, mottatt okt.09
- Søknad driftstilskot 2010 frå Lutelandet Utvikling AS, datert 13.10.09
- Skriv frå KRYSS-revisjon om budsjett 2010, datert 15.10.09
- Sak 14/09 i kontrollutvalet om budsjett 2010, datert 11.09.09
- KS-kontingent for 2010 – skriv frå KS, datert 21.09.09

Ansvar 3xx Omsorg:

- Gjennomgang av status for tiltaka i strategiplanen for omsorg, datert 21.10.09
- Notat om legevaktsamarbeid, datert 21.10.09

Ansvar 620 Drift og vedlikehald:

- Liste over husleigeinntekter – gjengs leige

Ansvar 900 Finansielle føremål:

- KS prognosemodell 0912

KS har elles lagt ut generell informasjon om kva statsbudsjettet inneber for kommunal sektor på denne nettsida: <http://www.ks.no/tema/Okonomi/Nasjonalekonomi/Sammendrag-av-statsbudsjettet/>

Saksutgreiing:

I K.sak 32/09 gjorde kommunestyret slikt vedtak:

1. *Prosessens med budsjett for 2010 og økonomiplan for 2010-2013 skal vere open, med stor grad av involvering frå tilsette ved deira tillitsvalde. Etter at administrasjonen har lagt frem resultatet av prioriterte innsparingstiltak og nye tiltak, tek formannskapet over som økonomiutval.*
2. *Administrasjonen skal så langt som mogeleg leggje opp til eit balansert budsjett for 2010 og økonomiplan for 2010-2013 med fylgjande føringar: Strukturendringar innafor omsorg bør vurderast, medan økonomiplanen vert lagt til grunn for strukturendringar innafor skule.*

I møta 29.10.09 og 19.11.09 gjekk formannskapet gjennom dei første versjonane av hovudoversyn, liste over aktuelle nye tiltak og liste over kostnadsreducerande tiltak og anna mogleg inndekking. Starten av møtet 29.10.09 var også lagt opp til informasjons- og drøftingsmøte med fagorganisasjonane. Gulen kyrkjelege fellesråd orienterte formannskapet om sin økonomiplan seinare på møtet 29.10.09.

Administrasjonen har i budsjettprosessen orientert om stoda og viktige utfordringar i økonomiplanperioden 2010-2013. Utan vesentlege tiltak vil driftsnivået ligge langt høgare enn dei årlege inntektene frå og med 2011.

Det vedlagte hovuddokumentet er eit politisk dokument, med unnatak av innleiinga, som er rådmannen sine kommentarar. Hovuddokumentet vert endra i tråd med vedtaka i formannskapet/kommunestyret. Formannskapet har vore økonomiutval, og administrasjonen skal difor ikkje gjere eige framlegg i saka.

Behandling og vedtak i Formannskapet, 26.11.2009:

Formannskapet var samde om at ein saldert økonomiplan, som inneheld element med støtte frå fleirtalet i formannskapet, ville vere eit godt utgangspunkt for vidare behandling. Aktuelle innsparingstiltak og nye drifts- og investeringstiltak vart gått gjennom og plassert i hovuddokumentet utifrå fleirtalet sitt syn og omsynet til ein økonomiplan i balanse. Etter dette vart utgifts- og inntektssida i økonomiplanen gått gjennom og saldert.

Viktige punkt i hovuddokumentet etter salderinga:

- Eigedomsskatt frå anna enn verk og bruk skal vere på same nivå som 2009.
- Kr 1 745 000 av LRA-kompensasjonen i 2010 vert nytta i drifta. Resten på om lag kr 3,5 mill. vert sett av til eit eige fond saman med dei budsjetterte om lag kr 6 mill. frå 2009. Rentene, om lag kr 260 000 i 2010 og kr 400 000 årleg frå 2011, vert nytta i drifta.
- I 2012 og 2013 er det budsjettert med frie avsettingar på høvesvis kr 648 000 og kr 2038 000.
- Det er rekna med kr 14,1 mill. i låneopptak til investeringar i 2010. Investeringsplanen for perioden 2011-2013 tilseier om lag like stort lånopptak dei neste åra, som ikkje er fullfinansiert i økonomiplanframlegget.
- Skulestrukturendring skal gje innsparingar innafor Oppvekst på kr 1,3 mill. i 2012 og kr 3,0 mill. i 2013. I tillegg får Oppvekst eit generelt kuttkrav på kr 360 000 årleg frå 2010.
- Tiltak innafor Omsorg (i tillegg til tiltaka i omsorgsplanen, som alt ligg inne i rammene) skal gje innsparingar på kr 0,5 mill. i 2010, kr 1,0 mill. i 2011, kr 1,5 mill. i 2012 og kr 2,0 mill. i 2013.
- Nye tiltak, innsparingar og investeringar i 2010 går elles fram av framlegget under.

Felles framlegg:

1. a) Desse nye satsingane ligg i økonomiplanen:

Nye tiltak	2010	2011	2012	2013
Personalutvikling/opplæring adm	50 000	50 000	50 000	50 000
Inventar/utstyr einingane	200 000	200 000	200 000	200 000
Formannskapet til rådvelde	250 000	250 000	250 000	250 000
Bedriftshelseteneste, lovpålagt	115 000	115 000	115 000	115 000
Bedriftshelseteneste, merkantilt personale (jfr merknad AMU)	15 000	15 000	15 000	15 000
Kurs/opplæring	50 000	5 000	5 000	5 000
Prosjekt knytt til gjennomgang av rapportering, rutiner og reglement	500 000			
Prosjekt "Kystarven"	50 000	50 000	50 000	
Stillingsauke PU, to stillingar i eige prosjekt	200 000	200 000	200 000	200 000
Kommundelplanar, revisjon (2 pr år)	300 000	300 000	300 000	300 000
Leksehjelp/sfo	25 000	50 000	50 000	50 000

Kyrkjeleg fellesråd	100 000	100 000	100 000	100 000
Sum	1 855 000	1 335 000	1 335 000	1 285 000

b) Disse innsparingane ligg i økonomiplanen:

Kostnadsreduserande tiltak/Innsparingar	2010	2011	2012	2013
Reduksjon av ekstra vedlikehald	500 000	500 000	500 000	500 000
Innsparing aktivitør	400 000	400 000	400 000	400 000
Regulere husleige for omsorgsbustadar til gjengs leige	63 000	125 000	125 000	125 000
Generelt kutt i ramme Omsorg	500 000	1 000	1 500	2 000
Generelt kutt i ramme Oppvekst	360 000	360 000	360 000	360 000
Sum	1 823	2 385	2 885	3 385

c) Disse bindande rammene for netto driftsutgifter i 2010 vert godkjent:

Rammeområde		Budsjettramme (i 1000 kr)
1xx	Ymse formål *	16 080
2xx	Oppvekst	35 995
3xx	Omsorg	67 892
4xx	Plan og utvikling	4 192
6xx	Drift og vedlikehald	11 603
*inkl. Kyrkjeleg fellesråd kr 1837 500.		

I tillegg kjem verknadene av punkta a) og b), som rådmannen får fullmakt til å fordele på dei aktuelle rammeområda. Rådmannen får også fullmakt til å justere handlingsdelen av kommuneplanen sin samfunnsdel etter vedtaket i denne saka. Handlingsdelen skal vere vedlegg til økonomiplandokumentet.

- For år 2010 skriv Gulen kommune ut forskotsskatt på inntekt og formue med dei maksimaltakstar som vert fastsett av Stortinget.
- Med heimel i Eigedomsskattelova §§ 2 og 3 vert i 2010 skrive ut eigedomsskatt på alle faste eigedomar i Gulen kommune (jf § 4). Skattesatsen blir fastsett til 7 promille, men 2,5 promille for bustaddelen i eigedomar med sjølvstendige bustaddelar (jf § 12 a).
 - Desse eigedommane får fritak etter § 7 a) i eigedomsskattelova:
 - Alle fylkesveggar
 - Asheim grendahus, Austgulen grendahus, Brandangersund samfunnshus, Breidvik/Bålen grendahus, Byrknes samfunnshus, Dalsgrend grendahus, Grendahuset Gulatun, Hisarøy grendahus, Mjømna bygdehus, Nordgulfjorden grendahus, Oppedal grendahus, Sande grendahus, Sygnfest grendahus, Sørøyane grendahus, Takle grendahus, Ungdomshuset Vårtun, Brekke stadion, Eivindvik stadion, skyteanlegg på Henriksbø, skyteanlegg på Tjørnleite, skyteanlegg på indre Oppedal, Brekke MC sitt lagshus på Ortneset, Brekke bedehus, Byrknes bedehus, Dalsøyra bedehus, Fivelsdal bedehus
 - Desse bygningane får fritak etter § 7 b) i eigedomsskattelova: Sellevåg treskofabrikk på gbnr. 76/3, Lovisendal på gbnr. 130/4 og våningshuset på Skjerjehamn på gbnr. 85/2.
 - Desse bygningane får fritak etter § 7 c) i eigedomsskattelova: Bygning som heilt eller i nokon mon vert nytta til husvære (heilårsbustad), og som er/blir oppført eller rehabilitert etter 01.01.1999 til ein kostnad på minst kr 500 000, dokumentert etter faktura. Fritaket gjeld i 20 år frå den tid bygningen er/vart ferdig/rehabilitert.

For bustaddelen av eigedomar (gjeld og fritidseigedomar) som ikkje vert nytta til næringsverksemd gjeld et botnfrådrag på kr 50 000 kroner av takstverdien.

Eigedomsskatten skal betalast i fire terminar; mars, juni, september og desember i skatteåret.

4. a) Slikt investeringsnivå for 2010-2013 vert godkjent (2010-summane er bindande):

Brutto investeringar 2010-2013 (i 1 000 kr)	2010	2011	2012	2013
IKT – ymse	500	500	500	500
Oppgradering skuler (420-423)	1 000	1 000	8 000	
Trafikksikringstiltak (451)	500		500	
Fast dekke kommunale vegar (453)		1 000	1 000	1 000
Sprinkling Byrknes bu-og omsorgssenter (524)	1 000			
Omsorgsbustader Dalsøyra (527)		7 235		
Tusenårsstaden Gulatinget (615)	800	800	800	800
Brannordning (641)	200	1 000	1 000	1 000
Oppgradering andre bygg	300	300	300	300
Nybygg Eivindvik barnehage	10 700			
Rehabilitering/nybygg Eidsbotn barnehage			1 000	2 000
Sprinkling Dalsøyra bu-og omsorgssenter		800		
Sprinkling Eivindvik bu-og omsorgssenter		1 000		
Påbygg/rehab. kommunehuset	1 500			
Bustadfelt Dalsøyra			2 500	
Oppgradering vassverk	300	500		500
Kloakksanering	2 100	500		
Symjeanlegg			5 000	5 000
Eigenkapitalinnskot KLP	300	300	300	300
Sum	19 200	14 935	20 900	11 400

- b) Investeringane i 2010 skal finansierast slik:

Finansiering av brutto investeringar 2010	Alle tal i 1000 kr
Lån skulepakke	1 000
Lån som vert inndeckt av brukarar (VAR)	2 400
Andre lån	10 700
Overført frå drift	0
Ubunde investeringsfond elles*	4 000
Næringsfond, Tusenårsstaden Gulatinget	200
Statleg tilskot til barnehage	0
Tilskot frå fylket til Trafikksikringstiltak	300
Tilskot til Tusenårsstaden Gulatinget	600
Sum	19 200

*Føreset sal av Rørtveit, Tannbu, Hovden II og Eivindvik barnehage

- c) I tillegg skal investeringsbudsjettet for 2010 innehalde ei ramme for nye startlån på kr 1 mill. og inntekter frå sal av eigedommar med netto kr 4 mill., som skal tilførast ubunde investeringsfond.

5. Låneopptak i 2010 på kr 14,1 mill. til investeringar og kr 1 mill til vidare utlån (startlån) vert godkjent.
6. Framlegget til økonomiplan 2010 – 2013 vert godkjent.

Røysting:

Samrøystes.

Vedtak:

Felles framlegg vert godkjent.

Representantane gjorde kvar sine framlegg om tillegg til formannskapet sitt vedtekne fellesframlegg. Desse nye framlegga vart røysta over.

Framlegg til tilleggspunkt:

Frå KRF v/Trude Brosvik:

1. Kommunestyret ber administrasjonen utgreie konsekvensane av ein reduksjon innan omsorgstenesta som gjer at vi nærmar oss KOSTRA-gruppa vår i utgifter. Vi vil også ha ei vurdering av demensomsorga. Arbeidet skal ver klart til rulleringa av økonomiplanen i juni.
2. Kommunestyret ber administrasjonen utgreie felles ungdomsskule og foreta naudsynte tiltak som sikrar ein god prosess fram mot ei strukturendring i 2012, slik økonomiplanen legg opp til.
3. Ordning med fulltid-barnehage er vedteken evaluert før ho vert utvida til å gjelde heile kommunen. Kommunestyret ber administrasjonen evaluere og kome med tilråding til evt. utviding av ordninga. Modellen held fram på Dalsøyra til evalueringa er gjennomført.
4. Gulen kommune vil ikkje etablere bakvakt i legeordninga.
5. Neste års budsjettprosess vert endra til at administrasjonen legg fram framlegg til budsjett.

Røysting: Punkta 1 og 3 samrøystes vedteke. Punkt 2 vedteke mot 1 røyst (Lid, SP). Punkt 4 og 5 vedteke mot 2 røyster (Eide, H, og Lid, SP).

Frå V v/Dagfinn Midtun:

Nytt punkt: Kva skal til for at utanlandske arbeidarar og familiare deira skal busetje seg på permanent basis i Gulen kommune? Kommunestyret bed ordføraren ta initiativ til eit møte med bedriftsleiarar og tilsette frå utlandet på Byrknes, der dette spørsmålet vert teke opp.

Røysting: Samrøystes vedteke.

Frå AP v/Anne Marit Brekken Oppedal:

Nytt punkt: Ynskjer eit notat om konsekvensane av "ostehøvelprinsippet" på 1% i oppvekst innan budsjettmøtet i desember.

Røysting: Samrøystes vedteke.

Frå H v/Ivar Eide:

1. Som ei prøveordning i 2010-2011 vil sone Byrknes og sone Brekke få organisere tenestene sine internt, ut frå det budsjett sona har til rådvelde. Soneleiar er ansvarleg for arbeidet. Organisering skal skje i samarbeid med dei tilsette og brukarane. Formannskap/Kommunestyre vedtek rammer og tek avgjerder i saker som ikkje let seg løysa administrativt. Sone Dalsøyra kan, etter søknad, vera med på ordninga. Ordninga skal evaluerast hausten 2011.

2. Rådmannen får i oppgave å utarbeida eit framlegg til kva fellesløyisingar/samarbeid ein kan få til med Masfjorden innafør alle sektorar. Dette skal leggjast fram for formannskapet/kommunestyret innan 16.04.10.

Røysting: Punkt 1 fall mot 1 røyst (Eide, H). Punkt 2 fall mot 2 røyster (Eide, H, og Lid, SP).

Representantane gjorde kvar sine framlegg om endringar i høve til formannskapet sitt vedtekne fellesframlegg. Desse nye framlegga hadde ikkje fleirtal, og vart difor ikkje røyستا over.

Endringsframlegg:

Frå SP v/Øyvind Lid:

1. Endringar i høve til nye tiltak, jf. punkt 1 a):

Nye tiltak	2010	2011	2012	2013
Personalutvikling/opplæring adm	-50 000	-50 000	-50 000	-50 000
Inventar/utstyr einingane	-200 000	-200 000	-200 000	-200 000
Formannskapet til rådvelde	100 000	100 000	100 000	100 000
Prosjekt knytt til gjennomgang av rapportering, rutiner og reglement	-500 000			
Legevakt Nordhordland	1 200 000	1 200 000	1 200 000	1 200 000
Prosjekt Samhandlingsreforma, Nordhordland	65 000			
Sum auka utgift	615 000	1 050 000	1 050 000	1 050 000

- Endringar i høve til innsparingar, jf. punkt 1 b):

Kostnadsreducerande tiltak/Innsparingar	2010	2011	2012	2013
Generelt kutt i ramme Administrasjon	300 000	300 000	300 000	300 000
Auke generelt kutt i ramme Oppvekst	640 000	640 000	640 000	640 000
Auke generelt kutt i ramme Omsorg	500 000			
Generelt kutt i ramme Drift og vedlikehald	1 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000
Ikkje endra skulestruktur			-1 300 000	-3 000 000
Reduserte renter frå investeringar 2010	285 000	285 000		
Sum endra innsparing	2 725 000	2 225 000	640 000	-1 060 000

Netto driftsinnsparing på kr 2 110 000 i 2010 og kr 1 175 000 i 2011 skal finansiere tilsvarende auka avsetning til LRA-fond. 3% rente gjev kr 63 300 i meirinntekt i 2010, kr 35 300 i 2011. Netto driftsauke på kr 640 000 i 2012 og kr 1 060 000 i 2013 kan salderast mot avsettingar.

2. Endringar i høve til investeringsbudsjettet, jf. punkt 4 a):

Brutto investeringar 2010-2013 (i 1 000 kr)	2010	2011	2012	2013
Oppgradering skular (420-423)	7 000		-8 000	
Sprinkling Byrknes bu- og omsorgssenter (524)	-1 000			
Nybygg Eivindvik barnehage	-5 700			
Bustadfelt Dalsøyra			-2 500	
Symjeanlegg			-5 000	-5 000
Ny sum investeringar	19 500	14 935	5 400	6 400

Netto redusert lånebehov i 2010 utgjer kr 6,7 mill. når det gjeld ikkje rentekompenserte lån. 4% rente gjev kr 268 000 i reduserte renter i 2010-11 som er lagt til under 1., jf. 1 b). Samla redusert lånebehov i 2012-13 utgjer kr 20 mill., som gjer det mogleg å halde samla ramme for låneopptak i økonomiplanperioden.

Kommentar til eige framlegg:

Senterpartiet vil syte for at barnehagen i Eivindvik blir realisert i løpet av 2010. Den store kostnadsauken på investering og også seinare drift av ein barnehage som ikkje er integrert med eksisterande skule gjer at partiet vil at barnehagen blir bygt som ein integrert del av eksisterande skule. Dette vil medføre ein lægre inesteringskostnad på barnehage, samstundes som ein kan nytte skulepakkemidlar inn i same prosjekt.

Frå KRF v/Trude Brosvik:

1. Endringar i høve til nye tiltak, jf. punkt 1 a):

Nye tiltak	2010	2011	2012	2013
Kyrkjeleg fellestråd, administrasjon/trusopplæring	100 000	100 000	100 000	100 000
Sum auka utgift	100 000	100 000	100 000	100 000

Endringar i høve til innsparingar, jf. punkt 1 b):

Kostnadsreducerande tiltak/Innsparingar	2010	2011	2012	2013
Eidsbotn barnehage til Dalsøyra barnehage		200 000	200 000	200 000
Avvikle HOP og HOM	100 000	100 000	100 000	100 000
Sum endra innsparing	100 000	300 000	300 000	300 000

Netto driftsinnsparing på kr 200 000 i åra 2011-13 skal finansiere tilsvarande auka avsetjing til LRA-fond. 3% rente gjev kr 6 000 i årleg meirinntekt.

2. Endringar i høve til investeringsbudsjettet, jf. punkt 4 a):

Brutto investeringar 2010-2013 (i 1 000 kr)	2010	2011	2012	2013
Rehabilitering/nybygg Eidsbotn barnehage			-1 000	-2 000
Bustadfelt Dalsøyra			-2 500	
Ny sum investeringar	19 200	14 935	17 400	9 400

Samla redusert lånebehov i 2012-13 utgjer kr 5,5 mill., som gjer det enklare å halde ramma for låneoptak desse åra.

Frå H v/Ivar Eide:

1. Endringar i høve til nye tiltak, jf. punkt 1 a):

Nye tiltak	2010	2011	2012	2013
Inventar/utstyr einingane	-200 000	-200 000	-200 000	-200 000
Legevakt Nordhordland	1 200 000	1 200 000	1 200 000	1 200 000
Prosjekt Samhandlingsreforma, Nordhordland	65 000			
Sum auka utgift	1 065 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000

Endringar i høve til innsparingar, jf. punkt 1 b):

Kostnadsreducerande tiltak/Innsparingar	2010	2011	2012	2013
Fjerne etableringstilskot	200 000	200 000	200 000	200 000
Fjerne budsjettpost for frivilligsentral	50 000	50 000	50 000	50 000
Auke generelt kutt i ramme Oppvekst	140 000	140 000	140 000	140 000
Fellesløysingar kommunesamarbeid	200 000	450 000	450 000	450 000
Reduksjon på grunn av lågare sjukefråver	200 000	50 000	50 000	50 000
Tilsetjingsstopp, auka stillingsprosent	400 000	200 000	200 000	200 000
Fjerne tilskot til Jensbua	180 000	180 000	180 000	180 000
Reduserte renter og avdrag frå investeringar 2010	513 000	513 000	513 000	513 000
Sum endra innsparing	1 883 000	1 783 000	1 783 000	1 783 000

Netto driftsinnsparing på kr 818 000 i 2010 og kr 783 000 i åra 2011-13 skal finansiere tilsvarande auka avsetjing til LRA-fond. 3% rente gjev kr 24 500 i meirinntekt i 2010 og kr 23 500 årleg i 2011-13.

2. Endringar i høve til investeringsbudsjettet, jf. punkt 4 a):

Brutto investeringar 2010-2013 (i 1 000 kr)	2010	2011	2012	2013
Oppgradering skular (420-423)		8 000	-8 000	

Tusenårstaden Gulatinget (615)	-400	-400	-400	-400
Nybygg Eivindvik barnehage	-5 700			
Bustadfelt Dalsøyra			-2 500	
Symjeanlegg		5 000		-5 000
Ny sum investeringar	13 100	27 535	10 000	6 000

Netto redusert lånebehov i 2010 utgjør kr 5,7 mill. 4% rente gjev kr 228 000 i reduserte renter og kr 285 000 i reduserte avdrag årleg, som er lagt til under 1., jf. 1 b).

Samla redusert lånebehov i 2011-13 utgjør kr 2,5 mill., som gjer det enklare å halde ramma for låneopptak desse åra.

Kommentar til eige framlegg:

Dersom ein set i verk bygging av ny barnehage i Eivindvik, må ein ta hensyn til at dette er historisk grunn, og trongen til oppgradering av Eivindvik skule.

Det vert sett av 5 mill. i 2011 og 5 mill. i 2012 til symjeanlegg/fleirbrukshall, etter initiativ frå lag og organisasjonar og 50 mill. i tilskot frå næringslivet.

Frå AP v/Anne Marit Brekken Oppedal:

1. Endringar i høve til nye tiltak, jf. punkt 1 a):

Nye tiltak	2010	2011	2012	2013
Formannskapet til rådvælde	-150 000	-150 000	-150 000	-150 000
Kyrkjeleg fellesråd	-100 000	-100 000	-100 000	-100 000
Sum auka utgift	-250 000	-250 000	-250 000	-250 000

- Endringar i høve til innsparingar, jf. punkt 1 b):

Kostnadsreducerande tiltak/Innsparingar	2010	2011	2012	2013
Fjerne budsjettpost for frivilligsentral	50 000	50 000	50 000	50 000
Eidsbotn barnehage til Dalsøyra barnehage		200 000	200 000	200 000
Ta vekk Generelt kutt i ramme Oppvekst	-360 000	-360 000	-360 000	-360 000
Sum endra innsparing	-310 000	-110 000	-110 000	-110 000

Netto driftsauke på kr 60 000 i 2010 og netto driftsinnsparing på kr 140 000 i åra 2011-13 skal regulerast mot LRA-fond. 3% rente gjev kr 1 800 i meirutgift i 2010 og kr 4 200 i årleg meirinntekt i 2011-13.

2. Endringar i høve til investeringsbudsjettet, jf. punkt 4 a):

Brutto investeringar 2010-2013 (i 1 000 kr)	2010	2011	2012	2013
Rehabilitering/nybygg Eidsbotn barnehage			-1 000	-2 000
Symjeanlegg			-5 000	-5 000
Ny sum investeringar	19 200	14 935	14 900	4 400

Samla redusert lånebehov i 2012-13 utgjør kr 13 mill., som gjer det mogleg å halde samla ramme for låneopptak i økonomiplanperioden.

Frå V v/Dagfinn Midtun:

1. Endringar i høve til innsparingar, jf. punkt 1 b):

Kostnadsreducerande tiltak/Innsparingar	2010	2011	2012	2013
Ta vekk Generelt kutt i ramme Oppvekst	-360 000	-360 000	-360 000	-360 000
Avvikle HOP og HOM	100 000	100 000	100 000	100 000
Sum endra innsparing	-260 000	-260 000	-260 000	-260 000

Netto driftsauke på kr 260 000 i åra 2010-13 skal finansierast av tilsvarande redusert avsetjing til LRA-fond. 3% rente gjev kr 7 800 i årleg mindreinntekt.

Rådmannen bad i slutten av møtet om administrativ fullmakt til å godkjenne nye/fjerne ikkje naudsynte stillingar, i staden for systemet i dag med politisk administrering av heimlar. Dette vart ikkje røysta over.

Etter møtet 26.11.09 ser formannskapet sitt framlegg til vedtak om budsjett 2010/økonomiplan 2010-13 slik ut:

1. a) Disse nye satsingane ligg i økonomiplanen:

Nye tiltak	2010	2011	2012	2013
Personalutvikling/opplæring adm	50 000	50 000	50 000	50 000
Inventar/utstyr einingane	200 000	200 000	200 000	200 000
Formannskapet til råvælde	250 000	250 000	250 000	250 000
Bedriftshelseteneste, lovpålagt	115 000	115 000	115 000	115 000
Bedriftshelseteneste, merkantilt personale (jfr merknad AMU)	15 000	15 000	15 000	15 000
Kurs/opplæring	50 000	5 000	5 000	5 000
Prosjekt knytt til gjennomgang av rapportering, rutiner og reglement	500 000			
Prosjekt "Kystarven"	50 000	50 000	50 000	
Stillingsauke PU, to stillingar i eige prosjekt	200 000	200 000	200 000	200 000
Kommundelplanar, revisjon (2 pr år)	300 000	300 000	300 000	300 000
Leksehjelp/sfo	25 000	50 000	50 000	50 000
Kyrkjeleg fellesråd	100 000	100 000	100 000	100 000
Sum	1 855 000	1 335 000	1 335 000	1 285 000

b) Disse innsparingane ligg i økonomiplanen:

Kostnadsreduserande tiltak/Innsparingar	2010	2011	2012	2013
Reduksjon av ekstra vedlikehald	500 000	500 000	500 000	500 000
Innsparing aktivitør	400 000	400 000	400 000	400 000
Regulere husleige for omsorgsbustadar til gjengs leige	63 000	125 000	125 000	125 000
Generelt kutt i ramme Omsorg	500 000	1 000	1 500	2 000
Generelt kutt i ramme Oppvekst	360 000	360 000	360 000	360 000
Sum	1 823	2 385	2 885	3 385

c) Disse bindande rammene for netto driftsutgifter i 2010 vert godkjent:

Rammeområde		Budsjettramme (i 1000 kr)
1xx	Ymse formål *	16 080
2xx	Oppvekst	35 995
3xx	Omsorg	67 892
4xx	Plan og utvikling	4 192
6xx	Drift og vedlikehald	11 603
*inkl. Kyrkjeleg fellesråd kr 1837 500.		

I tillegg kjem verknadene av punkta a) og b), som rådmannen får fullmakt til å fordele på dei aktuelle rammeområda. Rådmannen får også fullmakt til å justere handlingsdelen av kommuneplanen sin samfunnsdel etter vedtaket i denne saka. Handlingsdelen skal vere vedlegg til økonomiplandokumentet.

2. a) Kommunestyret ber administrasjonen utgreie konsekvensane av ein reduksjon innan omsorgstenesta som gjer at vi nærmar oss KOSTRA-gruppa vår i utgifter. Vi vil også ha ei vurdering av demensomsorga. Arbeidet skal ver klart til rulleringa av økonomiplanen i juni.

- b) Kommunestyret ber administrasjonen utgreie felles ungdomsskule og foreta naudsynte tiltak som sikrar ein god prosess fram mot ei strukturendring i 2012, slik økonomiplanen legg opp til.
- c) Ordning med fulltid-barnehage er vedteken evaluert før ho vert utvida til å gjelde heile kommunen. Kommunestyret ber administrasjonen evaluere og kome med tilråding til evt. utviding av ordninga. Modellen held fram på Dalsøyra til evalueringa er gjennomført.
- d) Gulen kommune vil ikkje etablere bakvakt i legeordninga.
- e) Neste års budsjettprosess vert endra til at administrasjonen legg fram framlegg til budsjett.
- f) Kva skal til for at utanlandske arbeidarar og familiane deira skal busetje seg på permanent basis i Gulen kommune? Kommunestyret bed ordføraren ta initiativ til eit møte med bedriftsleiarar og tilsette frå utlandet på Byrknes, der dette spørsmålet vert teke opp.
- g) Ynskjer eit notat om konsekvensane av "ostehøvelprinsippet" på 1% i oppvekst innan budsjettmøtet i desember.
3. For år 2010 skriv Gulen kommune ut forskotsskatt på inntekt og formue med dei maksimaltakstar som vert fastsett av Stortinget.

4. Med heimel i Eigedomsskattelova §§ 2 og 3 vert i 2010 skrive ut eigedomsskatt på alle faste eigedomar i Gulen kommune (jf § 4). Skattesatsen blir fastsett til 7 promille, men 2,5 promille for bustaddelen i eigedomar med sjølvstendige bustaddelar (jf § 12 a).
- Desse eigedommane får fritak etter § 7 a) i eigedomsskattelova:
 - c. Alle fylkesvegar
 - d. Asheim grendahus, Austgulen grendahus, Brandangersund samfunnshus, Breidvik/Bålen grendahus, Byrknes samfunnshus, Dalsgrend grendahus, Grendahuset Gulatun, Hisarøy grendahus, Mjømna bygdehus, Nordgulfjorden grendahus, Oppedal grendahus, Sande grendahus, Sygnefest grendahus, Sørøyane grendahus, Takle grendahus, Ungdomshuset Vårtun, Brekke stadion, Eivindvik stadion, skyteanlegg på Henriksbø, skyteanlegg på Tjørnleite, skyteanlegg på indre Oppedal, Brekke MC sitt lagshus på Ortneset, Brekke bedehus, Byrknes bedehus, Dalsøyra bedehus, Fivelsdal bedehus
 - Desse bygningane får fritak etter § 7 b) i eigedomsskattelova: Sellevåg treskofabrikk på gbnr. 76/3, Lovisendal på gbnr. 130/4 og våningshuset på Skjerjehamn på gbnr. 85/2.
 - Desse bygningane får fritak etter § 7 c) i eigedomsskattelova: Bygning som heilt eller i nokon mon vert nytta til husvære (heilårsbustad), og som er/blir oppført eller rehabilitert etter 01.01.1999 til ein kostnad på minst kr 500 000, dokumentert etter faktura. Fritaket gjeld i 20 år frå den tid bygningen er/vart ferdig/rehabilitert.

For bustaddelen av eigedomar (gjeld og fritidseigedomar) som ikkje vert nytta til næringsverksemd gjeld et botnfrådrag på kr 50 000 kroner av takstverdien. Eigedomsskatten skal betalast i fire terminar; mars, juni, september og desember i skatteåret.

5. a) Slikt investeringsnivå for 2010-2013 vert godkjent (2010-summane er bindande):

Brutto investeringar 2010-2013 (i 1 000 kr)	2010	2011	2012	2013
IKT – ymse	500	500	500	500
Oppgradering skuler (420-423)	1 000	1 000	8 000	

Trafikksikringstiltak (451)	500		500	
Fast dekke kommunale vegar (453)		1 000	1 000	1 000
Sprinkling Byrknes bu-og omsorgssenter (524)	1 000			
Omsorgsbustader Dalsøyra (527)		7 235		
Tusenårsstaden Gulatinget (615)	800	800	800	800
Brannordning (641)	200	1 000	1 000	1 000
Oppgradering andre bygg	300	300	300	300
Nybygg Eivindvik barnehage	10 700			
Rehabilitering/nybygg Eidsbotn barnehage			1 000	2 000
Sprinkling Dalsøyra bu-og omsorgssenter		800		
Sprinkling Eivindvik bu-og omsorgssenter		1 000		
Påbygg/rehab. kommunehuset	1 500			
Bustadfelt Dalsøyra			2 500	
Oppgradering vassverk	300	500		500
Kloakksanering	2 100	500		
Symjeanlegg			5 000	5 000
Eigenkapitalinnskott KLP	300	300	300	300
Sum	19 200	14 935	20 900	11 400

b) Investeringane i 2010 skal finansierast slik:

Finansiering av brutto investeringar 2010	Alle tal i 1000 kr
Lån skulepakke	1 000
Lån som vert inndeckt av brukarar (VAR)	2 400
Andre lån	10 700
Overført frå drift	0
Ubunde investeringsfond elles*	4 000
Næringsfond, Tusenårsstaden Gulatinget	200
Statleg tilskott til barnehage	0
Tilskott frå fylket til Trafikksikringstiltak	300
Tilskott til Tusenårsstaden Gulatinget	600
Sum	19 200

*Føreset sal av Rørtveit, Tannbu, Hovden II og Eivindvik barnehage

c) I tillegg skal investeringsbudsjettet for 2010 innehalde ei ramme for nye startlån på kr 1 mill. og inntekter frå sal av eigedommar med netto kr 4 mill., som skal tilførast ubunde investeringsfond.

6. Låneopptak i 2010 på kr 14,1 mill. til investeringar og kr 1 mill til vidare utlån (startlån) vert godkjent.
7. Framlegget til økonomiplan 2010 – 2013 vert godkjent.

Behandling og vedtak i Kommunestyret, 15.12.2009:

Til møtet var sendt ut slikt nytt sakstilfang:

- Innspel frå HOM – HOM.sak 28/09, datert 08.12.09
- Innspel frå HOP – HOP.sak 19/09, datert 08.12.09
- Innspel frå HOM – HOP.sak 26/08, datert 02.12.08
- Uttale frå eldrerådet og råd for menneske med nedsett funksjonsevne, datert 08.12.09
- Notat om verknad av innsparring på 1% på Oppvekst, datert 07.12.09

- Oversyn over elevtalutvikling

På møtet vart delt ut slikt nytt sakstfang:

- Innspel frå HPU – HPU.sak 104/09, datert 11.12.09
- Skriv frå foreldre i Eivindvik barnehage, datert 14.12.09. Det var orientert om overlevert underskriftsliste (76 underskrifter).

Nye framlegg:

Frå KRF, AP og V:

1. Endring av tiltak i punkt 1. i fellesframlegget frå formannskapet:

Ta ut 1% kutt, skule:	kr 360 000
Ta inn Samhandlingsreforma Nordhordland	kr 65 000
Ta inn Kyrkjeleg fellesråd, trusopplæring	kr 100 000
Auke formannskap til rådvelde	<u>kr 75 000</u>
	<u>kr 600 000</u>

Saldering: Nedjustere lønsauke til 3,5 % jf. KS): -kr 600 000

2. Generelt kutt i ramme Omsorg for 2010 er knytt til strengare vedtakspraksis.
3. Endring av punkt 2 b): Tek opp HOP sitt framlegg - "*Kommunestyret ber administrasjonen utgreie felles ungdomsskule og foreta naudsynte tiltak som sikrar ein god prosess fram mot ei eventuell strukturendring i 2012, slik økonomiplanen legg opp til.*"
4. Endring av punkt 2 d): Kommunestyret vil ikkje etablere bakvakt berre for raud respons i legevaktsamarbeidet. Ein finn det urimeleg at Gulen kommune er einaste kommunen dette blir kravd for. Kommunestyret ber administrasjonen finne ei legevaktordning, primært mot Nordhordland legevakt, som ikkje krev bakvakt.
5. Endring i investeringsbudsjettet:
Oppgradering skular/Eivindvik symjebasseng: 2011: kr 9 mill. 2012: kr 0.

Frå Erene Wilberg (KRF) og Arve Osland (AP):

Tillegg til punkt 2 d): Resultatet i saka skal deretter behandlast politisk.

Frå AP v/Anne Marit Brekken Oppedal:

1. Ny barnehage i Eivindvik skal samlokaliseras/vere eit tilbygg til Eivindvik skule. Ein skal knyte til seg arkitekt for å finne dei beste løysingane.
2. Tillegg til punkt 5. i fellesframlegget: Kommunestyret ber administrasjonen utgreie kostnader med rehabilitering og drift av symjebassenget i Eivindvik. Det skal takast med i utgreinga at ein føreset at Brekke- og Byrknes skule framleis har symjeopplæring på Matre og Kaland.

Frå V v/Dagfinn Midtun:

1. Eivindvik barnehage vert eit nybygg. Barnehagen vert lagt nær kommunehuset, gjerne i tilknytning til naturleikeplassen. Viss ikkje dette er mogleg pga. areal, blir det nybygg nær skule.
2. Endring i høve til punkt 2 b): Ein representant frå Utdanningsforbundet skal delta i utgreiingsarbeidet.

Frå SP v/Øyvind Lid:

1. Kommunestyret set av kr 1 200 000 til legevaktsamarbeid mot Nordhordland. Kommunen vil samstundes i tråd med "framlegg til nasjonal handlingsplan for legevaktsamarbeid"

søke om økonomisk støtte for å sikre innbyggjarane likeverdige legevakttenester.

Saldering: Bruk av LRA-midlar.

2. Kommunen byggjer ny barnehage i Eivindvik som ein integrert del av eksisterande skule med nødvendig tilbygg.
3. Kommunen vil stryke investering til rehabilitering av symjebasseng i Eivindvik og frigje areala til andre føremål på skulen.
4. Kommunestyret ber administrasjonen utgreie felles ungdomsskule og foreta naudsynte tiltak som sikrar ein god prosess fram mot ei eventuell strukturendring.
5. Punkt 2 e) i fellesframlegg frå formannskapet går ut.

Frå SP/KRF:

Kommunestyret ynskjer ein gjennomgang av leiarstruktur innan pleie og omsorg med spesiell vekt på bruk av administrative ressursar innan pleie og omsorg.

Frå H v/Ivar Eide:

Tillegg til budsjett 2010/økonomiplan 2010-13:

1. LRA-kompensasjonen skal ikkje nyttast i drifta. Rentene for 2010 vert, som eit ekstraordinært tiltak, nytta i drifta.
2. I tillegg til vedtekne innsparingskrav får rådmannen i oppgåve å redusere stillingsheimlar i Gulen kommune med 2,5 i 2010, med årsverknad på 5 frå 2011.
3. Som ei prøveordning i 2010-2011 vill sone Byrknes og sone Brekke få organisere tenestene sine internt ut frå det budsjettet sona har til rådvelde. Soneleiar er ansvarleg for arbeidet. Organisering skal skje i samarbeid med dei tilsette og brukarane. Formannskapet/kommunestyret vedtek rammer og tek avgjerder i saker som ikkje let seg løysa administrativt. Ordninga skal evaluerast hausten 2011.
4. Rådmannen får i oppgåve å utarbeida eit framlegg til kva fellesløysingar/samarbeid ein kan få til med Masfjorden innanfor alle sektorar. Dette skal leggjast fram for formannskap/kommunestyre innan 16.04.10.
5. Hovudutvalet for omsorg skal i starten av 2010 gjennomføre ein gjennomgang av pleie- og omsorgssektoren med mål å redusere samla budsjett.
6. Gulen kommune etablerer legevaktteneste saman med Nordhordlandskommunane.
7. Gulen kommune løyver kr 65 000 til Prosjekt Samhandlingsreforma i Nordhordland.
8. Gulen kommune kutter stønaden til Jensbua.
9. Om ny Eivindvik barnehage:
 - a. Teikningar for integrert i skule + pris og dato der heile bygningsmassen skal vere med i vurderinga.
 - b. Teikningar for samlokalisert + pris og dato.
 - c. Sett vekk til arkitektkontor på fritt grunnlag.

Frå KRF v/Trude Brosvik:

For åra 2011-2013 blir det sett av kr 500 0000 pr år til ei ny stilling i administrasjonen. Auken er saldert mot lågare lønsvekst/LRA-midlar.

Røysting:

Berre salderte framlegg vart røysta over.

Framlegga om barnehage vart røysta over først:

Punkt 1. i framlegg frå V fekk 6 røyster (V, Brosvik, Stendal og Oppedal frå KRF).

Punkt 9. i framlegg frå H fekk 10 røyster (H og SP).

Punkt 1. i framlegg frå AP vart samrøystes vedteke. Punkt 2. i framlegg frå SP vart difor ikkje røysta over.

Etter dette vart det tatt utgangspunkt i framlegget frå KRF, AP og V, og røysta punktvis.

Punkt 1. vart vedteke mot 10 røyster (SP og H).

Punkt 2. vart vedteke mot 2 røyster (Uthaug og Larsen, H).

Punkt 3. handla om skulestruktur. Her hadde SP eit framlegg om å stryke heile punktet om utgreiing av felles ungdomsskule, i tillegg til punkt 4. i eige framlegg over.

Første røysting var over framlegg frå SP om stryking av punktet, som fekk 3 røyster (Lid og Byrknes frå SP, Larsen frå H).

Framlegg frå SP, punkt 4., vart sett opp mot punkt 3. i framlegg frå KRF, AP og V, og fekk 11 røyster (H, SP og Østerbø frå V).

Punkt 4. handla om legevakt. Framlegg om tillegget frå Erene Wilberg (KRF) og Arve Osland (AP) fekk først 2 røyster (Wilberg frå KRF, Osland frå AP). Punkt 6. i framlegg frå H vart trekt. Punkt 4. i framlegget frå KRF, AP og V fekk 10 røyster, medan framlegg frå SP (punkt 1.) fekk 11 røyster (H, SP og Osland frå AP) og vart vedteke.

Punkt 5. handla om symjebasseng. Framlegget frå KRF, AP og V fekk 11 røyster (Krf, AP og V). Punkt 2. i framlegg frå AP vart vedteke mot 3 røyster (Mjømen, Eide og Uthaug frå H).

Punkt 3. i framlegg frå SP vart difor ikkje røysta over.

Framlegg frå einskildparti og andre vart gått gjennom for å behandle punkt som ikkje var røysta over.

Framlegg frå V: Punkt 2. fekk 10 røyster (SP, V og Larsen, H).

Framlegg frå SP: Punkt 3. fekk 10 røyster (SP, H). Punkt 5. fekk 6 røyster (SP).

Framlegg frå SP/KRF om leiarstruktur innafor pleie og omsorg: Samrøystes vedteke.

Framlegg frå H: Punkt 1. var ikkje saldert, og vart difor ikkje røysta over. Punkta 2. og 3. fekk 4 røyster (H). Punkt 4. fekk 9 røyster (H, Osland frå AP, Lid, Byrknes, Kvamme og Ellingsen frå SP). Punkt 5. fekk 5 røyster (H, Osland frå AP). Punkta 6. og 7. var dekt av andre framlegg og gjekk ut. Punkt 8. fekk 4 røyster (H).

Framlegg frå KRF om ny stilling i administrasjonen: Fekk 5 røyster (KRF).

Salderte framlegg vart røysta over. Framlegg frå KRF, AP og V fekk 11 røyster (KRF, AP og V), framlegg frå SP fekk 6 røyster (SP) og framlegg frå H fekk 4 røyster (H).

Til slutt vart fleirtalsframlegget frå formannskapet med resultatet frå delrøystingane over samrøystes godkjend. Oppdraga i punkta 2 c) og g) frå fleirtalsframlegget var løyst til møtet, og desse punkta gjekk difor ut.

Vedtak:

Etter røystinga over og strukturering av vedtekne punkt vert vedtaket slik:

- a) Desse nye satsingane ligg i økonomiplanen:

Nye tiltak	2010	2011	2012	2013
Personalutvikling/opplæring adm	50 000	50 000	50 000	50 000
Inventar/utstyr einingane	200 000	200 000	200 000	200 000
Formannskapet til rådvelde	325 000	325 000	325 000	325 000
Bedriftshelseteneste, lovpålagt	115 000	115 000	115 000	115 000

Bedriftshelseteneste, merkantilt personale (jfr merknad AMU)	15 000	15 000	15 000	15 000
Kurs/opplæring	50 000	5 000	5 000	5 000
Prosjekt knytt til gjennomgang av rapportering, rutiner og reglement	500 000			
Prosjekt "Kystarven"	50 000	50 000	50 000	
Prosjekt Samhandlingsreforma Nordhordland	65 000			
Legevakt Nordhordland	1 200 000	1 200 000	1 200 000	1 200 000
Stillingsauke PU, to stillingar i eige prosjekt	200 000	200 000	200 000	200 000
Kommundelplanar, revisjon (2 pr år)	300 000	300 000	300 000	300 000
Leksehjelp/sfo	25 000	50 000	50 000	50 000
Kyrkjeleg fellestråd, trusopplæring	100 000	100 000	100 000	100 000
Kyrkjeleg fellestråd, administrasjon	100 000	100 000	100 000	100 000
Sum	3 295 000	2 710 000	2 710 000	2 660 000

b) Disse innsparingane ligg i økonomiplanen:

Kostnadsredukerende tiltak/Innsparingar	2010	2011	2012	2013
Reduksjon av ekstra vedlikehald	500 000	500 000	500 000	500 000
Innsparing aktivitet	400 000	400 000	400 000	400 000
Regulere omsorgsbustadar til gjengs leige	63 000	125 000	125 000	125 000
Strengare vedtakspraksis Omsorg	500 000	1 000 000	1 500 000	2 000 000
Sum	1 463 000	2 025 000	2 525 000	3 025 000

c) Disse bindande rammene for netto driftsutgifter i 2010 vert godkjent:

Rammeområde	Budsjettramme (i 1000 kr)
1xx Ymse formål *	16 031
2xx Oppvekst	35 796
3xx Omsorg	67 581
4xx Plan og utvikling	4 171
6xx Drift og vedlikehald	11 577
*inkl. Kyrkjeleg fellestråd kr 1837 500.	

I tillegg kjem verknadene av punkta a) og b), som rådmannen får fullmakt til å fordele på dei aktuelle rammeområda. Rådmannen får også fullmakt til å justere handlingsdelen av kommuneplanen sin samfunnsdel etter vedtaket i denne saka. Handlingsdelen skal vere vedlegg til økonomiplandokumentet.

2. a) Kommunestyret ber administrasjonen utgreie konsekvensane av ein reduksjon innan omsorgstenesta som gjer at vi nærmar oss KOSTRA-gruppa vår i utgifter. Vi vil også ha ei vurdering av demensomsorga. Arbeidet skal vere klart til rulleringa av økonomiplanen i juni.
- b) Kommunestyret ber administrasjonen utgreie felles ungdomsskule og foreta naudsynte tiltak som sikrar ein god prosess fram mot ei eventuell strukturendring.
- c) Ny barnehage i Eivindvik skal samlokalisert/vere eit tilbygg til Eivindvik skule. Ein skal knyte til seg arkitekt for å finne dei beste løysingane.
- d) Kommunestyret set av kr 1 200 000 til legevaktsamarbeid mot Nordhordland. Kommunen vil samstundes i tråd med "framlegg til nasjonal handlingsplan for legevaktsamarbeid" søke om økonomisk støtte for å sikre innbyggjarane likeverdige legevakttenester. Saldering: Bruk av LRA-midlar.
- e) Neste års budsjettprosess vert endra til at administrasjonen legg fram framlegg til budsjett.

- f) Kva skal til for at utanlandske arbeidarar og familiane deira skal busetje seg på permanent basis i Gulen kommune? Kommunestyret bed ordføreren ta initiativ til eit møte med bedriftsleiarar og tilsette frå utlandet på Byrknes, der dette spørsmålet vert teke opp.
- g) Kommunestyret ber administrasjonen utgreie kostnader med rehabilitering og drift av symjebassenget i Eivindvik. Det skal takast med i utgreiinga at ein føreset at Brekke- og Byrknes skule framleis har symjeopplæring på Matre og Kaland.
- h) Kommunestyret ynskjer ein gjennomgang av leiarstruktur innan pleie og omsorg med spesiell vekt på bruk av administrative ressursar innan pleie og omsorg.
3. For år 2010 skriv Gulen kommune ut forskotsskatt på inntekt og formue med dei maksimaltakstar som vert fastsett av Stortinget.
4. Med heimel i Eigedomsskattelova §§ 2 og 3 vert i 2010 skrive ut eigedomsskatt på alle faste eigedomar i Gulen kommune (jf § 4). Skattesatsen blir fastsett til 7 promille, men 2,5 promille for bustaddelen i eigedomar med sjølvstendige bustaddelar (jf § 12 a).
- Desse eigedommane får fritak etter § 7 a) i eigedomsskattelova:
 - e. Alle fylkesvegar
 - f. Asheim grendahus, Austgulen grendahus, Brandangersund samfunnshus, Breidvik/Bålen grendahus, Byrknes samfunnshus, Dalsgrend grendahus, Grendahuset Gulatun, Hisarøy grendahus, Mjømna bygdehus, Nordgulfjorden grendahus, Oppedal grendahus, Sande grendahus, Sygnefest grendahus, Sørøyane grendahus, Takle grendahus, Ungdomshuset Vårtun, Brekke stadion, Eivindvik stadion, skyteanlegg på Henriksbø, skyteanlegg på Tjørnleite, skyteanlegg på indre Oppedal, Brekke MC sitt lagshus på Ortneset, Brekke bedehus, Byrknes bedehus, Dalsøyra bedehus, Fivelsdal bedehus
 - Desse bygningane får fritak etter § 7 b) i eigedomsskattelova: Sellevåg treskofabrikk på gbnr. 76/3, Lovisendal på gbnr. 130/4 og våningshuset på Skjerjehamn på gbnr. 85/2.
 - Desse bygningane får fritak etter § 7 c) i eigedomsskattelova: Bygning som heilt eller i nokon mon vert nytta til husvære (heilårsbustad), og som er/blir oppført eller rehabilitert etter 01.01.1999 til ein kostnad på minst kr 500 000, dokumentert etter faktura. Fritaket gjeld i 20 år frå den tid bygningen er/vart ferdig/rehabilitert.

For bustaddelen av eigedomar (gjeld og fritidseigedomar) som ikkje vert nytta til næringsverksemd gjeld et botnfrådrag på kr 50 000 kroner av takstverdien. Eigedomsskatten skal betalast i fire terminar; mars, juni, september og desember i skatteåret.

5. a) Slikt investeringsnivå for 2010-2013 vert godkjent (2010-summane er bindande):

Brutto investeringar 2010-2013 (i 1 000 kr)	2010	2011	2012	2013
IKT – ymse	500	500	500	500
Oppgradering skuler (420-423)/Eivindvik symjebasseng	1 000	9 000	0	
Trafikksikringstiltak (451)	500		500	
Fast dekke kommunale vegar (453)		1 000	1 000	1 000
Sprinkling Byrknes bu-og omsorgssenter (524)	1 000			
Omsorgsbustader Dalsøyra (527)		7 235		
Tusenårstaden Gulatinget (615)	800	800	800	800
Brannordning (641)	200	1 000	1 000	1 000
Oppgradering andre bygg	300	300	300	300
Nybygg Eivindvik barnehage	10 700			

Rehabilitering/nybygg Eidsbotn barnehage			1 000	2 000
Sprinkling Dalsøyra bu-og omsorgssenter		800		
Sprinkling Eivindvik bu-og omsorgssenter		1 000		
Påbygg/rehab. kommunehuset	1 500			
Bustadfelt Dalsøyra			2 500	
Oppgradering vassverk	300	500		500
Kloakksanering	2 100	500		
Symjeanlegg			5 000	5 000
Eigenkapitalinnskott KLP	300	300	300	300
Sum	19 200	22 935	12 900	11 400

b) Investeringane i 2010 skal finansierast slik:

Finansiering av brutto investeringar 2010	Alle tal i 1000 kr
Lån skulepakke	1 000
Lån som vert inndeckt av brukarar (VAR)	2 400
Andre lån	10 700
Overført frå drift	0
Ubunde investeringsfond elles*	4 000
Næringsfond, Tusenårsstaden Gulatinget	200
Statleg tilskott til barnehage	0
Tilskott frå fylket til Trafikksikringstiltak	300
Tilskott til Tusenårsstaden Gulatinget	600
Sum	19 200

*Føreset sal av Rørtveit, Tannbu, Hovden II og Eivindvik barnehage

c) I tillegg skal investeringsbudsjettet for 2010 innehalde ei ramme for nye startlån på kr 1 mill. og inntekter frå sal av eigedommar med netto kr 4 mill., som skal tilførast ubunde investeringsfond.

6. Låneopptak i 2010 på kr 14,1 mill. til investeringar og kr 1 mill til vidare utlån (startlån) vert godkjent.
7. Framlegget til økonomiplan 2010 – 2013 vert godkjent.

Saknummer: 09/1125
Løpenummer: 5990/09
Arkivkode: 411 NAMN
Saksbehandlar: Mona Molland

MØTEBOK Gulen kommune

<u>Saknummer</u>	<u>Utval</u>	<u>Møtedato</u>
73/09	Kommunestyret	15.12.2009

OVERSYN GODKJENTE STILLINGAR

Administrasjonen si saksutgreiing og framlegg til vedtak:

Saksutgreiing:

Fylgjande vedtak om stillingsendringar er gjort sidan førre oversyn 11.12.08 (K-sak 72/08)

K.sak 20/08 Reduksjon 0,5 stilling som kokk/ husmorstilling Brekke sone

K.sak 74/08: Reduksjon 0,5 næringsstilling

K.sak 52/09: Kommunal koordinator, 0,2 nyoppretta stilling. (0,4 mellombels til 30.6.10, deretter 0,2 stilling fast)

Godkjente endringar i driftsbudsjettet som har ført til stillingsauke sidan førre oversyn 11.12.08 (72/08):

K.sak 74/08: Tilpassing lågare elevtal, reduksjon tilleggsressurs i skulen, nye timar småskulesteget = reduksjon med 0,49 stilling.

K.sak 74/08: Auka opningstid folkebibliotek = auke med 0.23 stilling.

K.sak 20/08 Endring av nattevaktordning Brekke = reduksjon med 0,8 stilling.

Dette gjev fylgjande oversikt over godkjente stillingar i Gulen kommune pr. des 2009:

Sektor	Heimlar juni 2007	Heimlar des. 2007	Heimlar des. 2008	Godkjente stillingar des. 2009
Rådmann m/stab og vmse	15,80	15,80	16,34	16,07
Open omsorg og helse	74,50	75,50	76,99	75,89
Gulen sjukeheim	28,58	28,58	30,57	30,57
Plan og utvikling	7,25	7,55	7,55	7,55
Drift og vedlikehald	13,63	13,63	13,63	13,63
Oppvekst	76,25	76,25	79,24	78,75
Totalt	216,05	217,35	224,32	222,46

Framlegg til vedtak:

1. Oversyn over godkjente stillingar vert teken til orientering.
2. Oversyn over godkjente stillingar vert å presentere tertialvis i samband med budsjettrapportering frå og med 2010.

Behandling og vedtak i Kommunestyret, 15.12.2009:

Røysting:

Samrøystes.

Vedtak:

Administrasjonen sitt framlegg til vedtak vert godkjent.

Saknummer: 09/1122
Løpenummer: 5991/09
Arkivkode: 153
Saksbehandlar: Hege-Beth Brosvik

MØTEBOK Gulen kommune

<u>Saknummer</u>	<u>Utval</u>	<u>Møtedato</u>
74/09	Kommunestyret	15.12.2009

REGULERING AV INVESTERINGSBUDSJETTET NR 2/09

Kommunestyret har endeleg avgjerdsmynde i saka.

Særutskrift sendt til:

- Skatt og rekneskap, her (for budsjettregulering)

Administrasjonen si saksutgreiing og framlegg til vedtak:

Saksutgreiing:

For å få mest mogleg rett investeringsprosjekt og låneopptak vert budsjettet revidert i samsvar med framdrifta i dei ulike prosjekta.

Kort kommentar til dei føreslegne reguleringane:

IKT-investering adm. (119):

Nedjustert med kr 699 000 pga. forseinka oppstart av felles ikt-drift (sysikt) og overføring til prosjekt 121 IKT skule- og bhg.adm.system.

Vassforsyning Flolid (324):

I K.sak 21/09, datert 08.05.09, gjorde kommunestyret vedtak om delfinansiering av vassforsyning til Flolid i punkt 2: "*Gulen kommune bidreg til grunnkostnadane med 1/3 av kostnadane, avgrensa oppover til kr. 300.000,-. Med dette bidraget er det og inkludert alle rettar til framtidige tilknytingar, og eventuelle utvidingar. Det er ein føresetnad at Fylkeskommunen bidreg med 2/3 av kostnadane. Eventuelle endringar i investeringsbudsjettet vert å ta opp når endeleg kostnadsgrunnlag er klart.*"

Prosjektet vart (som venta i K.sak 21/09) noko dyrare enn dei kr 560 000 eks. mva. som var føresett i budsjettet, men på den andre sida kan mva. nullast ut att på grunn av fritak. Det vert tilrådd å omdisponere lån som opphavleg var tenkt til prosjektet Oppgradering vassverk (325) for å finansiere kommunen sin tredel, og budsjettere ned det fylkeskommunale bidraget i tråd med vedtaket i K.sak 21/09.

Skulepakkeprosjekt (420-423)

Budsjettmidlar vert ikkje nytta fullt ut i 2009, noko som gjev eit redusert behov for lån på kr 2,3 mill.

Nybygg barnehage Eivindvik (431)

Budsjettmidlar vert ikkje nytta i særskilt grad i 2009, noko som gjev eit redusert behov for lån på kr 2,1 mill.

Aktivitetssenter Dalsøyra (490)

Moglege lokale for ulike dagaktivitetar for brukarar med spesielle behov har vore undersøkt i 2009. Konklusjonen vart at overflødige brakker frå Byrknes barnehage kunne verte høvelege arbeidslokale, og desse vart sett opp i sommar i nærleiken av Dalsøyra skule. Med straum og vatn i bygget, i tillegg til noko opprusting, vil standarden på lokala verte gode. Det var sett av kr 400 000 i driftsbudsjettet til aktivitetssenter, basert på leigde lokale. Mykje av denne summen vert ikkje nytta, i staden tilrår administrasjonen no å regulere inn eigne lokale, finansiert med låneopptak.

Sprinklaranlegg Brekke bu- og omsorgssenter (523)

Prosjektet vart noko dyrare enn budsjettet, og har til saman kosta kr 900 000 inkl.mva. Størstedelen av utgifta kom i 2008, men ein restsum som vert bokført i 2009 er no tilrådd regulert inn i budsjettet, med inndekking frå låneopptak. Eit tilsvarande anlegg på Byrknes (524) er ikkje starta opp, og kan strykast frå budsjettet i 2009.

Omsorgsbustader (527)

Ikkje starta opp. Kan strykast i 2009.

Tomtesal (610)

Inntekter og utgifter vert tilrådd oppjusterte i høve til forventa aktivitet. Administrasjonen har etterslep innafør feltet for tida.

Tusenårsstaden Gulatinget (615)

Justering mellom konti.

Oppgradering brannvern (641)

Vert ikkje starta opp før ny brannordning er vedteke (under arbeid). Kan strykast i 2009.

Utlån husbankmidlar (700)

Nedjustering i høve til forventa utbetaling i 2009.

Eigenkapitalinnskott (702)

Oppjustering til rett nivå i 2009.

Framlegg til vedtak:

Investeringsbudsjettet for 2009 vert å regulere slik:

Konto	Tekst	Ansvar	Teneste	Prosj	Budsj.endring	Ny budsjettsum
	IKT-investering adm					
02000	Inventar og utstyr	900	12052	110	-659 400	155 000
04290	Meirverdiavg. utanfor mva-lova (kompensasjon)	900	12052	110	-39 600	39 000
09100	Bruk av lån - inv.rekneskapet	900	12052	110	199 000	-194 000
09700	Overføringar frå driftsrekneskapet	900	12052	110	500 000	0
	IKT skule- og bhg.adm.system					

00701	I inv.rekn. bruk av eige personale	900	20200	121	50 000	50 000
00901	Pensjonsinnskot - KLP	900	20200	121	5 000	5 000
00902	Pensjonsinnskot - SPK	900	20200	121	2 000	2 000
00990	Arbeidsgjevaravgift	900	20200	121	6 000	6 000
01500	Opplæring, kurs	900	20200	121	15 000	15 000
01600	Reise- og kostgodtgjersle	900	20200	121	10 000	10 000
01705	Refusjon av billetttutgifter v/reiser	900	20200	121	10 000	10 000
04290	Meirverdiavg. utanfor mva-lova (kompensasjon)	900	20200	121	2 000	2 000
09100	Bruk av lån - inv.rekneskapet	900	20200	121	-100 000	-100 000
	Vassforsyning Flolid					
02300	Vedlikehald, byggetenester, nybygg	900	34500	324	170 000	730 000
04290	Meirverdiavg. utanfor mva-lova (kompensasjon)	900	34500	324	-140 000	0
07300	Refusjon frå fylkeskommunar m/opdg	900	34500	324	13 000	-487 000
09100	Bruk av lån - inv.rekneskapet	900	34500	324	-43 000	-243 000
	Oppgradering vassverk					
02300	Vedlikehald, byggetenester, nybygg	900	34500	325	-160 000	0
04290	Meirverdiavg. utanfor mva-lova (kompensasjon)	900	34500	325	-40 000	0
09100	Bruk av lån - inv.rekneskapet	900	34500	325	200 000	0
	Skulepakke Eivindvik skule					
00300	Løn til ekstrahjelp	900	22220	420	23 100	23 100
00701	I inv.rekn. bruk av eige personale	900	22220	420	32 800	32 800
00901	Pensjonsinnskot - KLP	900	22220	420	5 100	5 100
00990	Arbeidsgjevaravgift	900	22220	420	4 100	4 100
02300	Vedlikehald, byggetenester, nybygg	900	22220	420	-553 300	146 700
04290	Meirverdiavg. utanfor mva-lova (kompensasjon)	900	22220	420	-138 300	36 700
09100	Bruk av lån - inv.rekneskapet	900	22220	420	626 500	-248 500
	Skulepakke Brekke skule					
00701	I inv.rekn. bruk av eige personale	900	22220	421	19 400	19 400
00901	Pensjonsinnskot - KLP	900	22220	421	3 000	3 000
00990	Arbeidsgjevaravgift	900	22220	421	2 400	2 400
02300	Vedlikehald, byggetenester, nybygg	900	22220	421	-533 600	166 400
04290	Meirverdiavg. utanfor mva-lova (kompensasjon)	900	22220	421	-133 400	41 600
09100	Bruk av lån - inv.rekneskapet	900	22220	421	642 200	-232 800
	Skulepakke Byrknes skule					
00701	I inv.rekn. bruk av eige personale	900	22220	422	61 900	61 900
00901	Pensjonsinnskot - KLP	900	22220	422	9 500	9 500
00990	Arbeidsgjevaravgift	900	22220	422	7 600	7 600
02300	Vedlikehald, byggetenester, nybygg	900	22220	422	-427 000	273 000
04290	Meirverdiavg. utanfor mva-lova (kompensasjon)	900	22220	422	-107 000	68 000
09100	Bruk av lån - inv.rekneskapet	900	22220	422	455 000	-420 000
	Skulepakke Dalsøyra skule					
00700	Løn vedlikehald	900	22220	423	10 200	10 200
00701	I inv.rekn. bruk av eige personale	900	22220	423	76 100	76 100
00901	Pensjonsinnskot - KLP	900	22220	423	11 700	11 700
00990	Arbeidsgjevaravgift	900	22220	423	9 300	9 300
02300	Vedlikehald, byggetenester, nybygg	900	22220	423	-548 000	152 000

04290	Meirverdiavg. utanfor mva-lova (kompensasjon)	900	22220	423	-137 000	38 000
09100	Bruk av lån - inv.rekneskapet	900	22220	423	577 700	-297 300
	Nybygg barnehage Eivindvik					
02300	Vedlikehald, byggetenester, nybygg	900	22120	431	-1 925 000	75 000
04290	Meirverdiavg. utanfor mva-lova (kompensasjon)	900	22120	431	-496 600	3 400
07000	Frå staten	900	22120	431	300 000	0
09100	Bruk av lån - inv.rekneskapet	900	22120	431	2 121 600	-78 400
	Aktivitetssenter Dalsøyra					
02300	Vedlikehald, byggetenester, nybygg	900	23420	490	360 000	360 000
04290	Meirverdiavg. utanfor mva-lova (kompensasjon)	900	23420	490	75 000	75 000
09100	Bruk av lån - inv.rekneskapet	900	23420	490	-435 000	-435 000
	Sprinkelanlegg Brekke bu- og omsorgssenter					
02300	Vedlikehald, byggetenester, nybygg	900	26500	523	171 000	171 000
04290	Meirverdiavg. utanfor mva-lova (kompensasjon)	900	26500	523	42 800	42 800
09100	Bruk av lån - inv.rekneskapet	900	26500	523	-213 800	-274 600
	Sprinkelanlegg Byrknes bu- og omsorgssenter					
02300	Vedlikehald, byggetenester, nybygg	900	26500	524	-600 000	0
04290	Meirverdiavg. utanfor mva-lova (kompensasjon)	900	26500	524	-150 000	0
09100	Bruk av lån - inv.rekneskapet	900	26500	524	750 000	0
	Omsorgsbustader					
02300	Vedlikehald, byggetenester, nybygg	900	26500	527	-400 000	0
04290	Meirverdiavg. utanfor mva-lova (kompensasjon)	900	26500	527	-100 000	0
09480	Bruk av ubundne investeringsfond	900	26500	527	500 000	0
	Tomtesal					
01950	Avgifter, gebyr, lisensar o.l.	900	32000	610	150 000	200 000
06701	Sal av fast eigedom - inv.rekneskap m opdg	900	32000	610	-130 000	-530 000
07700	Refusjon frå andre (private)	900	32000	610	-20 000	-20 000
	Tusenårsstaden Gulatinget					
02300	Vedlikehald, byggetenester, nybygg	900	33510	615	-1 000 000	40 000
02302	Nybygg	900	33510	615	1 000 000	1 000 000
	Oppgradering brannvern					
02000	Inventar og utstyr	900	33910	641	-160 000	0
04290	Meirverdiavg. utanfor mva-lova (kompensasjon)	900	33910	641	-40 000	0
09100	Bruk av lån - inv.rekneskapet	900	33910	641	200 000	0
	Utlån hustbankmidlar					
05203	Utlån Husbankmidlar	900	28320	700	-500 000	500 000
09100	Bruk av lån - inv.rekneskapet	900	28320	700	500 000	-500 000
	Eigenkapitalinnskot					
05290	Kjøp av aksjar og andelar	900	18000	702	36 900	336 900
09100	Bruk av lån - inv.rekneskapet	900	18000	702	-336 900	-336 900
09700	Overføringar frå driftsrekneskapet	900	18000	702	300 000	0

Behandling og vedtak i Kommunestyret, 15.12.2009:

Nye framlegg:

Frå administrasjonen:

Tillegg som var utegløymt:

	Inventar og utstyr Gulen sjukeheim					
02000	Inventar og utstyr	900	26100	xxx	320 000	320 000
04290	Meirverdiavg. utanfor mva-lova (kompensasjon)	900	26100	xxx	80 000	80 000
09100	Bruk av lån - inv.rekneskapet	900	26100	xxx	-400 000	-400 000

Røysting:

Samrøystes.

Vedtak:

Administrasjonen sitt framlegg til vedtak med tillegg vert godkjent.